

LNK AVISA

POST@LNK.NO NR 3 • 2009 • ÅRGANG 8 WWW.LNK.NO

Utfordrar nynorskkommunane

Vaksenopplæringsetaten Vox ynskjer no innspel frå nynorskkommunane på kva læreverk dei vil ha omsett til nynorsk.

S. 3

Målpris til Hordaland Teater

Hordaland Teater har fått LNK sin Pris for offentlig målbruk 2009.

S. 14

Satsar på kultur

Ei frisk satsing på kultur i Hardangerregionen har vore med på å auke folketalet i Kvam herad.

S. 16

Vil påverke



Foto: Ingvild Grane

- Det viktigaste er å ha ein klar budskap, er rådet politikar Gunnar Kvasheim (V) gir til lobbyistane.

• Sjå s. 8 - 10

På scenen



Foto: Agneta Lillestøl

Vidar Sandem kan sjå attende på 13 år som sjef ved Det Norske Teatret i Oslo. No fristar livet som skodespelar igjen.

• Sjå s. 12 - 13



Foto: Astrid Eidehammer Eideheimland

Design med lokale røter

- I Stryn er me gode på design og produksjon, seier designar og kulturformidlar Henny Stalnacke. Kommunen har i årevis dyrka fram klesmerke som til dømes Riccovero, Skogstad og i dei siste fire åra Moods of Norway. Med hovudkvarter i Stryn er designarane i Moods

i ferd med å etablere seg internasjonalt. Seinast i Los Angeles.

Sjå kommunepresentasjon s. 18 - 20



TRADISJON OG MODERNE KOMFORT – HAND I HAND!

Hotell Hordaheimen framstår som ny, større og endå betre! Vi gjev alle medlemmer av LNK og deira tilsette spesialprisar på overnatting både helg og vekedagar.

	Vekedagar	Helg
Enkeltrom	kr 695,-	kr 595,-
Dobbelrom	kr 895,-	kr 795,-

Sei du representerer ein LNK-kommune når du tingar rom. Herleg frukostbuffet er inkludert.

HOTELL  HORDAHEIMEN

Best Western

Tlf: 55 33 50 00 / e-post: booking@hordaheimen.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

Redaktør
Judith Sørhus Littlehamar

Viktig å kartlegge interessa

I dag er det ikkje eit komplett læreverk i norsk for innvandrere på nynorsk. Det bør ein gjere noko med.

Norskopplæringa for dei som kjem til landet vårt er ei utfordring. Då er det ikkje nok å ha enkle lærebøker på nynorsk. Det må vere mogleg for nynorsk-kommunar å kunne tilby eit fullstendig opplæringsstilbod på nynorsk.

Dette er ei velkjent sak i mange distriktkommunar. Og også grunnen til at 16 ordførarar no har skrivne under på eit opprop der leiar i Vindafjord mållag, Anne Margrethe Eidhammer, krev nynorsk undervisningsmaterieil i alle fag til framandspråklege. Med det klarte Eidhammer og Vindafjord mållag å setje saka på dagsorden.

Skal me få læreverk på nynorsk må ein klare å lage blest om saka. Ein må kartlegge interessa og stå saman i kravet. Klarer ein ikkje det vil argumentet om at desse lærebøkene ikkje er lønnsame vinne fram. Ein må klare å vise at det er ein marknad, at mange innvandrere faktisk ynskjer nynorsk opplæring, ikkje minst sidan mange har born som går i nynorsk skule.

Men som så ofte før: det handlar om pengar. Om å vise at dette er noko som er verd prisen.

- God språkopplæring er suksessfaktor nummer ein for kommunar som ønskjer å bli gode på arbeidsinnvandring. Det seier Kristine Kopperud Timberlid, rådgjevar i NAV Eures i denne utgåva av LNK-avisa.

Me trur henne så gjerne. Språk er viktig for å integrere, for å bli ein del av eit samfunn. Språk er også ein nøkkel for å lukkast i arbeidslivet. Kanskje er god språkopplæring rett og slett samfunnsmessig lønnsamt?

Regjeringa har lagt fram forslag om å innføre ein statsborgarprøve der ein vil teste norskkunnskapane til innvandrere. Me støttar Noregs Mållag og leiar Håvard B. Øvregård då han nyleg uttalte at det bør finnast eit fullgodt nynorsk alternativ uavhengig om regjeringa får gjennomslag for kravet om statsborgarprøve.

Vaksenopplæringssetaten Vox utfordrar også i denne utgåva av LNK-avisa nynorsk-kommunane til å bli samde om eit komplett læreverk i norsk som dei ynskjer omsett til nynorsk. Dette er ei utfordring me er sikre på at kommunane tek. Og kanskje er det eit steg i rett retning?

Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk-kommunar (LNK)

Redaksjon:
Ingvild Grane
Ingrid Hillestad
Astrid Eidhammer Hjeltneland
Tovni Tobekk
Solvun S. Smisberg

Faste spaltistar:
Jan Olav Fretland
Vidar Høviskeland

Korrekturlesar:
Ola Hauge

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Heibnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidhammer Hjeltneland

Trykk:
Sunnhordland
Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og kan
tingast hjå

LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgjevsplan 2009
4/9, 16/10, 4/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(253x360 mm)


1/2 side kr 10 000,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)

1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)

20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materieil.
Tillegg for farge.

Annonser blir å levera
som pdf-fil til:
astrid@norsk-plan.no



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

Ei skulebok til begjær

Eg skal snart heimatt til barnomsbygda mi på Austlandet. Vi skal ha klassefest. Det er 30 år sidan eg gjekk ut av 9. og snart 40 år sidan eg begynte i 1.klasse, og mykje er annleis enn då. Mimrefaktoren har vorte høgare til dømes.

Eg har som hovudregel i livet å berre tenkje attende på det som har vore positivt og bra. Og kva hugsar eg av skulebøkene mine? Thorbjørn Egner sin gode gamle med Ola-Ola Heia! Han heng igjen. Og Mads Berg si skulesongbok og geografiboka frå 4.klasse med alle dei fine fargebileta frå heile Noreg. Og dette var på ei tid då bøkene ikkje konkurrerte om merksemd frå fleire hundre tv-kanalar, og før den digitale verda var oppfunne. Klart det var lettare å lage bøker som gjorde inntrykk den gongen. Den gongen ein nesten berre hadde Nordahl Rolfsen si lesebok å samanlikne seg med. Ei bok som selde 8 millionar i opplag frå 1892-1969.

Korleis står det til med skulebøkene i dag, eigentleg? Og korleis står det til med nynorsken og den nynorske litteraturen i skulen? Eg kan med skam å melde ikkje hugse at vi las ei einaste nynorsk bok i skuleåra 1970-1979. Ei undersøking frå 2007 syner at nynorskelevar er mykje dårlegare lesarar enn bokmålsungar. Frå 4. til 5. klasse har bokmålslevarne mykje større framgang når det gjeld å kunne lese litterære tekstar enn elevane

med nynorsk som hovudmål. Skulane må syte for godt tilfang av litteratur på nynorsk. Og her er det mykje godt å velje i! Det er ingen grunn til

gode skulebøker i dag, som er inspirerende, og gjev lyst til å lese og lære. Men det er mange på marknaden som rett ut sagt ikkje er bra også.

Skulebøker er ein under- vurdert sjanger og fortener mykje meir merksemd og kritikk i det offentlege ordskifte

at elevane med nynorsk som opplæringsmål les omtrent like mykje bokmål som elevane med opplæringsmål på bokmål.

I desse dagar er det innspurt i forlaga for å få haustens skulebøker klare. Samlaget er eit av dei få forlaga som kvart år klarer å ha både nynorsk- og bokmålsutgåva klare samstundes. Det skulle berre mangle, så lenge hovudoppgåva vår er å spreie det nynorske skriftspråket og litteraturen. På skulane rundt i landet sit lærarar og vurderer kva slags bøker dei skal kjøpe, viss dei i det heile tatt har pengar å kjøpe bøker for. Og skulebibliotekane er klare til å fylle hylene. Det blir laga mange

skulebøker er ein under- vurdert sjanger og fortener mykje meir merksemd og kritikk i det offentlege ordskifte. Det er for lite debatt både om innhald og kvalitet i skulebøkene. Ungar elsker å lære. Dei elsker å lese - i alle fall når dei er små. Det er eit stort og viktig samfunnsansvar å lage - og velje kva slags skulebøker ein skal kjøpe inn. Samlaget tar ansvaret for å lage dei. Og vi set vår ære i høg kvalitet. Ungane og ungdommane våre vil ha fleire skulebøker til begjær - som gir leselyst og lærelyst. Det fortener dei.

KRONIKKFORFATTAREN

Tove Lie
forlagsdirektor i
Det Norske Samlaget



Vil samarbeide med kommunane

Vaksenopplæringssetaten Vox utfordrar no nynorsk-kommunane til å bli samde om eit læreverk i norsk for vaksne innvandrere som dei ynskjer omsett til nynorsk.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Leiar i Vindafjord mållag, Anne Margrethe Eidhammer, gjekk tidlegare i vår ut og bad ordførarar støtte eit opprop med eit krav om nynorsk undervisningsmaterieil i alle fag til framandspråklege. Til saman har 16 ordførarar skrivne under på oppropet. Blant desse er: ordførarane i Bokn, Sauda, Etne og Vindafjord.

Eidhammer har sjølv ei søster som driv med opplæring for minoritetsspråklege på Austlandet.

Folk argumenterer for bokmål fordi dei meiner det er lettare dersom tilflyttarane har tenkt seg vidare til byen og næringslivet. Syster mi seier at dette berre er tull, det er berre fordel å kunne to skriftspråk om ein bur i byen også, seier ho til lokalavisa Grannar.

ETTERLYSER KOMPLETT VERK

Utdanningsdirektoratet lyste i 2006 ut tilskot til nynorske læremidlar. Til saman vart det gitt støtte på 1,9 millionar kroner. - Det er omsett fleire lærebøker til nynorsk, det er også utvikla eit digitalt læreverk, men det er berre deler av læreverk som er omsette. Me har ikkje eit læreverk på nynorsk frå A til Å, seier underdirektør i eining for minoritetsspråklege i Vox, Helga Arnesen. Dei midlane Vox har hatt til rådvelde i 2007 og 2008 er brukte til nye omsetjingar av bøkene i samfunnskunnskap for vaksne innvandrere. Det er dermed ikkje gitt tilskot til nynorske læremidlar i 2008, forutan ei ekstralonging til Almatore forlag for ferdigstilling av Foreldreboka. I 2009 er derimot to nye nynorske læremidlar kome på plass.

Ifølgje eit brev til arbeids- og inkluderingsdepartementet går det



Illustrasjonsfoto: Judith Sørhus Littlehamar

fram at Vox er kjent med eit sterkt ynskje frå nynorsk-kommunar om fleire læremidlar på nynorsk. Inger S. Enger (Sp) stilte tidlegare i år arbeids- og inkluderingsminister Dag Terje Andersen spørsmål om kva grep regjeringa ville ta for å få ei betre norskundervisning for innvandrere på nynorsk. I svaret frå Andersen går det fram at ministeren meiner det er viktig at det vert lagt til rette for nynorske læreverk. Samstundes meiner han dette er eit økonomisk spørsmål. - Eg meiner det er fullt mogleg å tilby innvandrere nynorsk opplæring med dei læremidla som er tilgjengelige. Det vil vere relativt kostnadskrevjande å utvikle eit like bredt tilbod av læremidlar på nynorsk som på bokmål, då talet på deltakarar som ynskjer undervisning på nynorsk for tida er avgrensa. Dette er også bakgrunnen for at introduksjonslova ikkje har krav om at læremidlar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere må føreligge som parallellutgåver både på nynorsk og bokmål.

KVA MEINER KOMMUNANE?

- Sidan det ikkje føreligg krav om parallellutgåver på bokmål og nynorsk når nye

læreverk vert utvikla, vil talet på potensielle brukarar av dei ulike læreverkane vere avgjerande. Vox har teke kontakt med forlaga Fag og kultur og Cappelen som melder at talet på selde eksemplar av det Vox vurderer som kjente og populære lærebøker, ikkje overstig 200 eksemplar av kvar tittel. Sidan målformene er sidestilt, meiner Vox det er rimeleg at staten gir tilskot til omsetjing, eventuelt utvikling, av nynorske læremidlar, heiter det i brevet.

- Me har fått i oppgåve frå departementet å lage ein strategi for å setja lys på kvifor det ikkje er meir nynorske læremiddel, og kva som kan gjerast for å få nynorsk undervisningsmaterieil i fleire fag, seier Arnesen til LNK-avisa. Som ein del av denne strategien foreslår dei no altså at det vert sett av midlar over eit eller to år til å omsetje eit læreverk til nynorsk. Dette må ifølgje Vox vere eit læreverk som dekkjer heile opplæringsløpet frå nivå A 1 til B1/B2. Vox ynskjer no å opprette kontakt med LNK. Målet er at Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar vil drøfte saka med sine medlemmer, og at nynorsk-kommunane til slutt vert samde om kva læreverk som bør omsetjast til nynorsk. Samstundes etterlyser også Vox forslag til om-

Vox

Vox arbeider for å auke deltakinga i samfunns- og arbeidslivet ved å heve kompetansenivået hjå vaksne. Dei legg særleg vekt på grunnleggjande ferdigheiter, realkompetanse og vaksne sin rett til opplæring. Vox har også ansvar for den faglege og pedagogiske utviklinga av opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere. Vox er ein etat under Kunnskapsdepartementet. (Kjelde: vox.no)

setjingar som kan stimulere til eit levande og godt nynorsk språk.

- Det kan jo sjå ut som om ambisjonsnivået når det gjeld nynorsk-opplæring for vaksne innvandrere ikkje er så høgt. Men eg er samd i at det no er viktigare å få på plass eit komplett pedagogisk tilbod enn å utvikla fleire parallelle læreverk. Det hastar med å koma i gong med dette, og eg ser fram til god kontakt med Vox om saka, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland, i ein kommentar. No har regjeringa også lagt fram forslag om at alle innvandrere må bestå ein prøve i norsk språk og norsk samfunnskunnskap for å få innvilga statsborgarskap. Leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård meiner læreverk i norskfaget på nynorsk er viktig uavhengig om det blir ein statsborgarprøve.

- Det betyr at dei innvandrane som buset seg i ein av dei over hundre nynorsk-kommunane her i landet ofte blir tvungne til å lære seg bokmål. Dette hindrar ei fullgod integrering. Det skapar problem når ein skal skaffe seg arbeid. Det skapar problem når ungene lærer seg nynorsk på skulen, noko foreldra ikkje har fått opplæring i, seier han i ei pressemelding.

Lakseslottet Lindum er eit historisk hus der atmosfære og god mat dannar ramma rundt moderne fasilitetar for kurs og konferansar.

Du finn oss i Suldal, hjarta i Ryfylke, om lag to timar reiseveg frå Haugesund, Kinsarvik, Seljord, Stavanger eller Stord.

www.lakseslottet.no

+47 52 79 91 61



Lakseslottet Lindum

Me
gjev
rabatt til
medlemmer av LNK





Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

• PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo
• www.lnk.no
• info@lnk.no

• Dagleg leiar:
Vidar Hoviskeland
• Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Laura Seltveit
Rune Øygard

• Varamedlemmer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talarøyr for medlemmene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

• LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Høviske ord

LNK-landstinget 2009 er over. Del-takarane har vonleg fått godt med faglege og sosiale stimuli og mykje påfyll.

Konferansedelen av landstinget hadde i år tre tema: Omdømebygging, arbeidsinnvandring og vern og vekst. Det er ikkje opplagt at desse områda har noko med kvarandre å gjera, men litt av målet med konferansen var å syna at det har dei:

Den største utfordringa for små og mellomstore kommunar frametter vert å rekruttera arbeidskraft - få folk til å ønskja å flytta til og bu i kommunane. Dette postulatet kan høyrast merkeleg ut i ei tid der arbeidsløysa stig og mange vel å omskolera seg til yrke i sektorar som manglar arbeidskraft.

Sjølvsagt kan ein del av utfordringane løysast gjennom omorganisering: Alle kommunar treng ikkje ha alle sørvistilbod i gåavstand frå kommunesenteret. Det er mogleg å skapa gode tilbod i eit samarbeid med nabokommunar og. Dette kan fora til at det vert lettare å rekruttera kvalifisert personell. Og gjennom slike naboavtalar kan det vera lettare å oppretthalda folkevald styring over dei kommunale tilboda, enn når det vert oppretta til dømes interkommunale aksjeselskap.

Men omsorgsyrka kjem til å ha bruk for å rekruttera stadig fleire medarbeidarar. I snitt kjem dei som er unge i dag til å leva til dei er hundre år, sa Stein Ringen i si innleiing. Dette er positivt, men det fører også med seg store utfordringar - ikkje minst for kommunane.

Utgangspunktet er ikkje så ille. Noreg er eit av dei få landa i Europa som har positiv folkevekst. Folketalet

i kongeriket auka med 62 000 personar i fjor. Av desse var 42 000 innvandrarar.

Men me kan ikkje lena oss tilbake og slappa av med dette. Det er ikkje gitt at Noreg har nok tilgjengeleg arbeidskraft om ti år, sjølv om arbeidsløysa aukar nett no. Me har gjort oss heilt avhengige av arbeidsinnvandrarar innfor fleire sektorar. Det er ikkje berre berre å tinga mat på ein restaurant i Oslo, dersom du ikkje skjønar svensk. Og tek me ein tur innom ein norsk byggeplass, er det mange konsonantrike talemål å høyra. Ikkje lette å skjønna for dei fleste av oss, men vonleg forstår dei arbeidsleiarane sine.

Me ser tendensar til at tilbakeflyttinga har starta, først og fremst for arbeidsinnvandrarar, til dømes frå Polen. Graset i Noreg er ikkje så mykje grønare lenger, og det spirer og veks i heimlanda deira og.

Me har vore vande med at folk flyttar til Noreg av di dei må, ikkje av di dei ønskjer ein annan livsstil, dei tek eit verdival. Kommunane bør ha ein strategi for å møte desse. Ein viktig del av denne strategien bør vera norskopplæring. Det å kunna nynorsk og bokmål er nøkkelen til all vellukka integrering. Knapt nokon flyktningar eller arbeidsinnvandrarar får fullgod norskopplæring i Noreg i dag.

Både Sylfest Lomheim og Jan Olav Fretland var uvanleg krasse i tonen då dei karakteriserte dagens språk-opplæring i sine innlegg:

-Det går nedover med språkkunnskapen vår, og dette råkar og innvandrarane. Me treng ei ny og tøffare haldning til språkopplæring. Og me må hugsa at språkleg kvalitet heng saman med sosial kvalitet, sa Lomheim mellom anna.

Fretland kalla den norske språkstoda "likesælesjuka".

Kommunal og Regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa sa det slik:

- Kommunar som brukar nynorsk som hovudmål har funne seg ein eigen verdifull ståstad i møte med innflyttarar og innvandrarar. Dei kommunane som har valt nynorsk som målform er seg medvitne tradisjon og kultur. Dei er levande prov på kor viktig det har vore å kjempa for inkludering.

Kampen for nynorsken har skapt større mangfald og meir demokrati i landet vårt. Nynorsken har vore med på å inkludera folk i den demokratiske fellesskapen. Det er ei utfordring som har fellestrekk med arbeidet med inkludering og integrering, sa Kleppa og la til at det å vera tolerant og å ha ein sterk kulturell identitet ikkje er motsetnader.

• Dette er kloke ord. Lat oss kjempa for at dei ikkje blir for store.



Vidar Hoviskeland er dagleg leiar i LNK

Dahle attvald som leiar

Jan Magne Dahle frå Ørsta kommune er attvald som leiar i LNK.

Med seg i styret får han kultursjef i Lærdal kommune, Astrid Myran Aarvik, ordførar i Vågå kommune, Rune Øygard, ordførar i Sauda kommune, Laura Seltveit og ordførar i Ullensvang Solfrid Borge.

- Tusen takk for tilliten. LNK er ein av dei organisasjonane som det er mest meningsfylt å arbeide i. Eg skal gjere mitt beste for å utvikle organisasjonen vidare, seier Jan Magne Dahle.

Her finn du inspirerende kultursaker, omtalar av bøker for barn, inspirasjon til song- og forteljestunder

Pirion er ei kulturavis for barnehagar og småskular som kjem ut åtte gonger i året. Vil du tingje Pirion til barnehagen din? Ønskjer du informasjon om Pirionkurs? Send oss ein e-post: pirion@norsk-plan.no



- Vanskeleg å snu flyttestraumen



Flyttestraumen frå bygda og inn til byen kan bli vanskeleg å snu, meiner professor ved University of Oxford, Stein Ringen.

JUDITH SØRHSUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Dei som flytter frå bygda til byen er i dag ofte motiverte av eit livstilsval, i motsetnad til for då ein gjerne måtte flytte. Eg trur det blir vanskeleg å snu denne flyttestraumen, det vil krevje mykje av kommunane, spesielt dei små distriktskommunane. Eg har tru på ein struktur med små kommunar,

men eg trur ikkje alle kan vere sjølvhjelpete med tenester. Kommunane burde bli flinkare på arbeidsfordeling og samarbeid. Men det trur eg er vanskeleg å gjennomføre, slo Ringen fast under landstinget til LNK i Loen.

Ringen la også vekt på at ein aukande del av befolkninga i Noreg er innvandrarar. I 2008 vaks folketallet på landsbasis med 62.000 personar,

42.000 av desse representerer eit innvandringsoverskot.

- Me er i ferd med å bli ein kulturelt samansett befolkning, meiner Ringen. I 2008 kom det 14.400 polakkar til landet via arbeidsinnvandring. Samstundes som arbeidsinnvandringa aukar legg Stein Ringen vekt på at ein no ser ein aukande tendens til at fleire polakkar no reiser attende til sitt heimland.

- I Storbritannia har me sett dette ei stund allereie, men det byrjar også å bli ein tendens i Noreg, seier han.

Sjølv om arbeidsinnvandringa i Noreg er stor, viser Ringen til at dei som flytter ut av landet for å arbeide er forsvinnande få.

Etterlyser nyskaping

Tron Bach er tilsett som samfunnsutviklar i Tysnes kommune. Prosjektet 3012 skal gi fleire innbyggjarar og vekst i lokalsamfunnet.

JUDITH SØRHSUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bach har brei erfaring frå ulike hotellverksemdar og viste sjølv interesse for jobben då Tysnes kommune søkte ein samfunnsutviklar. Mellom anna har han tidlegare bygd opp hotellet Finse 1222, og drive Sandven Hotel i Norheimsund.

- Eg kjente Tysnes kommune i veldig liten grad då eg byrja. Men eg hadde inntrykk av at det var ein laidback kommune, ein snill, hyggelig og litt gammelmodig kommune. Kanskje litt forsiktig. Men det var ei spanande oppgåve, meiner han.

TIDKREVJANDE

Det var under LNK sitt landsting i Loen Bach presenterte utfordringane i øykommunen Tysnes. Kommunen hadde eit overordna mål om å nå 3012 innbyggjarar i løp av det toårige prosjektet som snart går inn i det siste halvåret. I 2008 auka folketallet med 20 personar medan ein

har mista 8 personar første kvartal i 2009. Back legg vekt på at dette er ein tidkrevjande prosess.

- Dette er ein prosess som tek tid. Skal ein få til alt dette på to år må ein springe 60-meteren konstant. Å bygge opp eit omdømme i kommunen vil ta tid. Men det er viktig å starte prosjektet. Målet å vere å finne det unike som me kan marknadsføre oss med.

I løpet av prosjektet har mellom anna Tysnes fått sitt eige slagord: Gudeøya Tysnes. Framtid på historisk grunn. Eit slagord som vart til i samarbeid med lokalbefolkninga i kommunen. Bakgrunnen for slagordet er i følge Bach alle namna i området som har norrøne tradisjonar.

FÅ TILTAK

Tron Bach etterlyser no meir innovativ tankegang i øykommunen. Han ser gjerne at fleire unge og nyskapande menneske slår seg ned i kommunen.

- Kommunen er knakande god på lovpålagde oppgaver, men me strever med få innovative tiltak. Og me har ein utfordrande demografi med mange eldre innbyggjarar, seier samfunnsutviklaren.

Prosjektet 3012 er finansiert via eit spleiselag mellom kommune og fylkeskommune.

Dei fleste av oss er opptekne av å nyte livet her og no

men;

Sjølvsagt skal du nyte dagen i dag. Likevel kan det vere lurt å tenkje litt på dagane som kjem. Eller å la oss i KLP gjere det for deg. Gjennom snart 60 år har vi levert pensjon til kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og bedrifter. Målet har heile tida vore å leverer den beste pensjonsordninga i marknaden, slik at de som arbeider i det offentlege skal kunne gå pensjonstilvera trygt og optimistisk i møte.

Det er viktig å leve i "nuet". Men det er ganske fint å ha noko å sjå fram til også!




for dagane som kjem

LNK med i littkrit

Frå i år av er LNK og Skrivekunstakademiet offisielle samarbeidspartnarar for Aurland kommune sitt litteraturprosjekt Littkrit.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Gjennom Littkrit får ungdommar mellom 16 og 19 delta i ulike aktivitetar knytte til litteartur og skrivekunst. I år skal Littkrit ha skrivekurs i juli, og 10 ungdommar kan få delta på kurset.



Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Vi har fått ny nettside!

www.pirion.no

Skeptisk til valfrie norskopplæring

Norsk blir valfritt for lærerstudentar som skal undervise i 5. til 10. årstrinn. Det er ikkje LNK glad for.

TOYNI TOBEKK
toyini@norsk-plan.no

- Norsk er reiskapsfaget, det som meir enn noko anna blir brukt i all undervisning, seier språkkonsulenten i LNK, Jan Magne Dahle. Dahle er styreleiar i LNK, utdanna lærar og jobbar med språklege oppgåver retta mot oppvekstsektoren og kulturen for LNK. Han er skeptisk til den nye lærerutdanninga som inneber at lærerstudentar no går ut i yrkeslivet utan



å ha ei grunnleggjande norskopplæring med seg.

IKKJE OBLIGATORISK

Bakgrunnen for den nye lærerutdanninga er Stortingsmelding 11, Læreren - Rollen og utdanningen, som blei vedteken i april i år. Den legg opp til to hovudretningar i lærerutdanninga; ei som rettar seg mot 1. til 7. årssteg og ei for 5. til 10. årssteg. For lærarar som skal undervise i 5. til 10. årssteg blir det

Norsk bør ikkje vere valfritt for lærarar som skal undervise dei eldste i grunnskulen, meiner styreleiar og språkkonsulent i LNK, Jan Magne Dahle. (Foto: Astrid E. Hjeltnelund)

krav om ei sterkare profesjonsutdanning, ved at kvar lærar må fordjupe seg i tre fag. Kvar fag skal telje minst 60 studiepoeng, noko som svarar til eitt års høgskulestudium. Det blir ikkje stilt krav til kva fag lærerstudentane skal fordjupe seg i.

- Kva med dei lærerstudentane som ikkje vel norsk som eitt av dei tre faga, spør Dahle.

- Vi treng lærarar med ein grunnleggjande kunnskap om norsk. Vi lever i eit IKT-samfunn der svært mykje informasjon skjer skriftlig, også i skulen. I tillegg har ein prøver, meldingar, presentasjonar og skriftlege oppgåver som krev at læraren har eit godt språk.

Forskriftene til den nye lærerutdanninga krev rett nok at ein lærar må ha minst 60 studiepoeng i norsk for å få undervise i faget. Men Dahle peikar på at norsk femnar om mange fleire fag og arbeidsområde i skulen.

- Denne regjeringa har gjennom språkmeldingane *Språk bygger broer* og *Mål og mening* forpliktet seg sterkt i språklege spørsmål. Det vil vere meningslaust å ha ei lærerutdanning som ikkje syner dette i praksis, meiner Dahle.

VERST FOR NYNORSKEN

I utgangspunktet skjeler ikkje LNK til målformer når dei meiner denne løysinga ikkje er optimal. Dahle ser likevel ikkje bort frå at denne dreinga vekk frå norsk som eit obligatorisk fag vil gå meir ut over nynorsken enn andre fag. Nynorsken er allereie under press, og Dahle er redd for at ein ikkje vil få lærarar i nynorskområde med god nok kompetanse på nynorsk.

LNK er positive til mykje i stortingsmeldinga om den nye lærerutdanninga, seier Dahle. At ein legg opp til to retningar innan grunnskulen er LNK svært einige i. No håper Dahle og LNK at ein i relativt nær framtid vil få ei ytterlegare styrking av lærerutdanninga.

- Vi ønskjer oss ei femårig lærerutdanning og at norsk bli innført som obligatorisk fordjupningsfag. Du kan lese LNK si fråsegn til Stortingsmelding 11, Læreren - Rollen og utdanningen på lnk.no

SITATET:

Er lyddusjar med Sivle - vers det som skal til for å få ungdommen til å flytte attende til Voss etter endt utdanning?

Journalist Jan Zahl i Stavanger Aftenblad etter Diktarvegkonferansen i Ulvik.



NAV-rådgjevar Kristine Kopperud meiner språkkunnskap er avgjerande for at ein arbeidstakar skal fungere godt både på jobb og privat. (Foto: Judith Sørbus Lillehammer)



Helge Andre Njåstad (Frp), ordfører Austevoll kommune

På kommunevis

Inntektsystemet

Dei fyrste par åra i ordførarstolen var inntektsystemet noko eg høyrte ein snakka om på kommunehuset. Det freista liksom ikkje å gå i djupna på denne lefsa. Men i 2008 var det ingen utveg. Då tala kom på bordet for Austevoll måtte dette granskast. 410 kommunar fekk større vekst enn oss, og det i eit år der distriktspolitikk skulle vega tungt i dei endringane som skjedde saman med meir rettferd?

Og rettferd og distriktssatsing betyr altså at 410 kommunar skal få meir enn Austevoll? Berre 19 skal få mindre?

Fyrste forklaring var selskapskatten. Denne vart tatt bort dette året frå kommunane. At innbyggjarane i Austevoll gjennom generasjonar med blod, sveitte og tårer har lagt til rette for verdiskaping, spesielt gjennom fiskerinæringa, var no lenger ikkje så mykje verd. Dette er no verdiskaping som skal delast med heile landet. Hadde me heller hatt ein foss eller eit stort oljeanlegg på land - då hadde kommune-kassen blitt fylt opp, men fiskeri - då skal alt inn til Oslo. Forstå det den som kan.

Neste overrasking som slo negativt ut, var auken i det som heiter inntektsutjamning til 60 prosent over nokre år. Det betyr at for kvar krone over snittet våre innbyggjarar betalar i skatt, går 60 øre snart til andre. Eg sa til statsministeren nyleg at det er stor forskjell på det å betale skatt til staten og det å betale til sitt eige lokalsamfunn. Eg trur den sittande regjeringa gjer ein tabbe med å ta bort den lokale koplinga mellom lokal velferd og lokal verdiskaping. Reiarane hadde sett mykje meir pris på å sjå at sine skattekrone gjekk til å skape eit godt lokalsamfunn rundt seg, enn å sjå dei gå til statskassa.

Så leste me fine ord om distriktspolitikk. Som musikk i øyra til ein distriktskommune som Austevoll, skulle me tru. Me er i dag landets største kommune som ikkje er landfast. Men den eine overraskinga etter den andre stod i kø. Me var for store til småkommunetilskottet, vaks for lite til veksttilskottet og hadde for store skatteinntekter til å få del av dei millionane til skattesvake kommunar i Sør-Noreg.

Men kva er det som då betyr noko når inntektene skal reknast ut? Eg gjekk laus på systemet. Den grane boka, excel rekneark og eit par telefonar til SSB og KS. Fann ut at det å vera ein ikkje landfast kommune talde ingenting. Den type verdiskaping me har tel ingenting. Men kor mange skilde og separerte eit samfunn har, tel. Me skulle hatt 279 for å vera på snitt. Har kun 150, så dermed trekker dei oss 2,4 millionar på det. For kvar ny skilsmisse ville kommunen "tent" 20.000,-.

Heldigvis skal ein sjå på kostnadsnoklene igjen i 2011. Ta gjerne Austevoll som døme for å forenkla og forbetre dette systemet, som nesten ingen skjonar i dag. La oss då få behalde meir av vår eiga verdiskaping og få kompensert ulempene med å ikkje vera landfast - og så kan vel kvar enkelt kommune leve med talet på skilsmisser utan at det skal føre kommuneøkonomien opp eller ned.

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag



24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

Sunnhordland

* 1 snitt pr. veka ** Gallup 1/2007

Språk er ein suksessfaktor

God språkopplæring er suksessfaktor nummer ein for kommunar som ønskjer å bli gode på arbeidsinnvandring. Det seier Kristine Kopperud Timberlid, rådgjevar i NAV Eures.

TOYNI TOBEKK
toyini@norsk-plan.no

- Det å kunne språket er avgjerande for at ein utanlandsk arbeidstakar skal fungere godt på jobb og privat, seier Timberlid.

I tillegg til å ha skikkeleg språkopplæring rår NAV arbeidsgjevarar til å tenkje heilskapleg når dei skal rekruttere frå utlandet. Jobb til partnar, barnehageplass til ungane, presentasjon av lag og organisasjonar, innføring i korleis lokalsamfunnet fungerer, slike ting tel mykje for kor godt eit slikt tilsetjingsforhold skal gå.

- Vår erfaring er at dei som får ein god velkomstsvoris i stor grad er dei som blir verande i kommunen, seier Kristine Kopperud Timberlid. Samarbeider med Europa

Timberlid er ein av 40 tilsette i NAV som jobbar direkte med arbeidsinnvandring gjennom

programmet Eures. Eures står for European employment services og er eit samarbeid mellom arbeidsmarknads-etatane i EU, EØS-landa og Sveits. Hovudoppgåva deira er å leggje til rette for at arbeidsgjevarar kan rekruttere arbeidskraft frå utlandet, men og å hjelpe nordmenn som vil ut av landet for å arbeide.

Tilbodet har eksistert i 15 år, men har til ein viss grad vore ein godt bevart hemmelighet, seier Timberlid. No er imidlertid behovet for utanlandsk arbeidskraft blitt så stort at NAV Eures har måtte utvide. I dag sit det ein rådgjevar i kvart fylke, i tillegg til leiinga i Oslo.

FLEIRE KOMMUNAR FÅR RÅD

- Vi ser at behovet for utanlandsk arbeidskraft kjem til å auke i offentleg sektor også i framtida, spesielt innan helsesektoren, seier Timberlid. - Vår intensjon er å få fleire arbeidsgjevarar til å tenkje rekruttering heller enn mellombels tilsetjing.

Timberlid fortel at det og blir stadig fleire og fleire offentlege organ som brukar NAV Eures sine tenester, i tillegg til det private næringslivet.

- Dette er ein trend vi ønskjer skal halde fram, seier NAV-rådgjevaren.

Presiserer retten til nynorske lærebøker

Ifølge opplæringslova har skuleelvar rett på læremiddel på eiga målform, og det er skuleeigar sitt ansvar å syte for at dei får det. No kjem snart nye forskrifter som har til føremål å presisere dette ytterlegare.

TOYNI TOBEKK
toyini@norsk-plan.no

Forslag til nytt kapittel 17 i forskrift til opplæringslova har vore på høyring i vinter. Føremålet med å endre

forskriftene er å klargjere elevane rett i høve læremiddel, heiter det i høyringsinstansane reagert på. LNK har i si fråsegn peikt på at forskriftene til opplæringslova står særskild nemnd i stortingsmeldinga om norsk språk, *Mål og mening*. Her heiter det at skuleeigaren ansvarar for å tilby elevane bøker på bae målformer til same tid og lik pris.

Den nye forskrifta har og samla definisjonane på kva som er læremiddel og kva som ikkje er det i eitt punkt. Medan den gjeldande forskrifta også omtalar korleis programvare kjem inn under denne lova, er

programvare heilt utelate i dei nye forskriftene. Dette har fleire av høyringsinstansane reagert på. LNK har i si fråsegn peikt på at forskriftene til opplæringslova står særskild nemnd i stortingsmeldinga om norsk språk, *Mål og mening*. Her heiter det at programvare som elevvar bruker i undervisninga skal ligge føre på bae målformer.

Forslag til nye forskrifter til opplæringslova er oversendt Kunnskapsdepartementet.

ABC
Startsida
- Ver nynorsk på nett

Din
naturlege
start på
internett

startsida.no

Lobbyisme

Lobbyverksemd

Blir også kalla korridorpolitikk. Å drive lobbyverksemd betyr å påverke politikarar utanom dei vanlege kanalane som debattinnlegg, diskusjon, saksorienteringar eller partimøte. Dei som utøver korridorpolitikk vert ofte kalla lobbyistar.

Begrepet vert også brukt meir generelt når ein ynskjer å nå fram med ein bodskap eller ynskjer å påverke dei som tek ei avgjerd. Lobbyverksemd stammar frå lobby. Ordet kjem frå inngangshallane i den amerikanske kongressen der dei folkevalde møtte folkemengda, som ofte prøvde å påverke dei folkevalde i viktige avgjerdar.

Kjelde: Wikipedia



I arbeidet med store saker, sparar naturvernorganisasjonane tid og krefter ved å samarbeide med kvarandre. Jan Thomas Odegard (l.v) og Arnodd Håpnes frå Naturvernforbundet legg strategiar for høringa med Åsbild Lappegård Labn i Natur og Ungdom.

7 år med lobbyarbeid. For ei einaste lov. Dersom den ikkje går igjennom, kan alt arbeidet vere bortkasta. Vi blei med Naturvernforbundet på den siste lobby-jobben før vedtaket.

TEKST OG FOTO: INGVLID GRANE

- Eg har sett opp ti punkt som eg har tenkt å gå igjennom, seier Åshild Lappegård Lahn frå Natur og Ungdom.

Ho blir avbroten av Jan Thomas Odegard, generalsekretær i Naturvernforbundet.

- Ti punkt? seier han.

- Det er altfor mykje.

Dei ser på kvarandre. Åshild blar i nokre ark.

- Eg har jo alt laga ein Power Point. Men eg treng vel ikkje å bruke den.

Det er torsdag ettermiddag, klokka er halv fire. Rundt eit lågt bord ved inngangspartiet til Naturvernforbundet sine lokale i Oslo sentrum, rådar det ei hektisk og konsentrert stemning. Om ein knapp time skal Naturvernforbundet, som første organisasjon ut, halde innlegg i den offentlege høringa om naturmangfaldslova på Stortinget. Framfor medlemmane i Stortingets energi- og miljøkomité har dei fått fem minutt til å legge fram sitt syn på lovforslaget. Det er fem minutt med kommentarar til ei utgreiing på 900 sider. Det krev strategisk planlegging. Derfor sit dei rundt bordet: Jan Thomas, Åshild og Arnodd Håpnes, fagleiar for naturmangfald i Naturvernforbundet. Saman med WWF-Noreg har dei lagt ein felles strategi for høringa, for å ikkje overkøyre kvarandre eller bruke verdifull tid til å snakke om dei same tinga. I løpet av dei siste fem minutta har dei raskt fordelt kven som skal snakke om skogen. Arnodd blar i ein bunke ark med tetskrivne linjer,



Alle høringar på Stortinget vert sendt direkte på nett-tv. Her held Jan Thomas Odegard frå Naturvernforbundet sitt innlegg i den offentlege høringa.

medan han hurtig noterer stikkord i marginen. Dokument og utgreiingar fulle av innstukne bokmerke i form av gule post-it-lappar ligg på bordet framfor han.

- Skal vi prioritere å snakke om det som er bra? spør Åshild.

- Om vi begynner innleiinga negativt, vil det ofte høyrast ut som kritikk, samtykkjer Jan Thomas.

- Vi har fem minutt. Det må gå kjapt i svingane, så vi får fokusere så godt vi kan på overskriftene, legg han til, og ser på klokka.

- Då går vi om ti minutt.

SOLID OG FAGLEG ARGUMENTASJON

Naturvernforbundet er den største miljøvernorganisasjonen i Noreg, med 18700 medlemmar fordelt på rundt 100 lokallag. Lova som skal opp til offentlig høring denne torsdagen, har vore gjenstand for målretta

lobbyarbeid frå organisasjonens side i over sju år. Dei har hatt mange møte i ulike departement, sendt brev til politikarar, departement og komitear, delteke i høyringsrundar, hatt medieutspel og fremja konkrete saker.

- Når det gjeld ei lov som dette, som vi meiner det er svært nødvendig å få på plass, brukar vi alle høve til å minne Storting og regjering om ho, oppsummerar Arnodd.

- Kva er det viktigaste når ein loabar?

- Å ha ein solid, fagleg argumentasjon i botnen. Den skal vere så godt som vasstett.

- Er det nokon måtar å lobbe på som er meir effektive enn andre?

- Å vise fram konkrete eksempel på kva som er iferd med å skje. Vi veit at mykje natur vert øydelagt, og når vi kan dokumentere det og vise det fram, er det det aller beste. Då har vi gode argument for å få politikarane til å forstå behovet for endring.

KJEMPAR I MOTVIND

Men sjølv om Naturvernforbundet er ein stor organisasjon, med både fagleg tyngde og mange medlemmar i ryggen, kan dei ikkje ta for gitt å få gjennomslag for sakene dei brenn for.

- Ein av grunnane til at handsaminga av denne lova her teke så lang tid, er at mange tunge næringsaktørar ikkje har ønska den, seier generalsekretær Jan Thomas.

- Det har ført til at prosessen har blitt drege ut, legg han til.

- Mange store organisasjonar jobbar mot oss, både innan landbruk, skogbruk, fiskeri og ikkje minst oljeindustrien. Dei har store ressursar, og kan betale proffe lobbyistar, seier Arnodd.

- Og stilt overfor oss i Natur og Ungdom, som stort sett er studentar som brukar fritida på organisasjonsarbeidet, er motkreftene svært sterke, legg Åshild til.

- Er det ikkje lett å miste motet?

- Jo, det er klart. Våre viktigaste verkemiddel er å samle inn underskrifter og å aksjonere, medan oljeindustrien kan bruke millionar av kroner på kampanjar for å få fram sin bodskap. Ressursmessig kan vi ikkje samanliknast, seier ho.

- Men at Naturvernforbundet seier noko, kan vere eit argument i seg sjølv. Ting har ein heilt annan...

Jan Thomas leitar etter ordet.

- Tyngde?

- Lyd. Ting har ein heilt annan lyd når det kjem frå oss enn frå mange andre. Vi har ei fagleg tyngd, og vi er partipolitisk uavhengige. Men det betyr ikkje at vi ikkje er politiske. Vi foreslår ikkje kompromiss, men jobbar mot målet vi har sett oss.

HELD SEG TIL STRATEGIEN

Kontrasten mellom den hektiske stemninga hos Naturvernforbundet og den avslappa, joviale stemninga som rår i gangen utanfor høyringsrommet på Stortinget er påtakinge. Her har alle tilsynelatande full kontroll på både nervane og strategien. Mange av dei

- Viktigast med ein klar bodskap

Det er grunn til å legge ned ressursar i lobbyverksemd. For lobbyistane kan ha stor makt, ifølgje Gunnar Kvasheim i Venstre.

INGVLID GRANE

- Når lobbyistane klarer å få fram sider som eg ikkje var klar over, hender det at eg endrar synspunkt i ei sak, seier han.

Venstre-politikaren har vore Rogalands representant på Stortinget i snart 8 år, og er lei for energi- og miljøkomitéen. Han merkar stor pågang frå lobbyistar.

- Pågangen er svært stor. Eg får har mange henvendelsar dagleg frå folk som vil ha kontakt med meg, fortel han.

- Kven er lobbyistane?

- Dei representerer alt frå oljeselskap til naturvernorganisasjonar, bransjeorganisasjonar og varmepumpeleverandørar.



Storingsrepresentant for Venstre Gunnar Kvasheim oppmodar lobbyistar til å ha eit klart bodskap når dei vil nå fram med ei sak. (Foto: Venstre)

Og nettopp at det er så stor variasjon i kvar representantane kjem frå, og kva mål dei har for sine møte med

politikarane, gjer at Kvasheim var ein av bakkemennene bak eit forslag om lobbyregister. Målet var å registrere alle møte mellom politikarar og lobbyistar.

- Det er stor forskjell i kva ressursar dei ulike organisasjonane har. Dersom vi har eit register som viser kven som møter kven, kven som har betalt for kva, og kva ein har snakka om, blir det meir openheit rundt lobbyisme. Det er viktig å kunne sjå kven som har ressursar, og kvar spora går mellom dei og vedtaka. For det er ein samheng mellom påverknadsarbeid og vedtaka som blir gjort.

- Kva er dei beste triksa?

- Det viktigaste er å ha ein klar bodskap. Ein bør ha eit klart fokus, og ikkje ei lang liste med ting ein ønskjer å gjere noko med. Det såg vi også på høringa til naturmangfaldslova, seier han, og viser til høringa der blant anna Naturvernforbundet og Natur og Ungdom deltok med innlegg.

- Organisasjonar som har mellom 15 og 20 ting som dei vil snakke om, mister politikarane si interesse. Ein må ha eit klart ærend. Det fungerer best.

- Er det noko som ikkje fungerer i det heile?

- Det er mange som ser ut til å ha ei liste over komitear og parti dei vil snakke med, utan at dei har heilt klart før seg kva dei vil ha ut av møtet. Det vert nesten som eit rituelt løp, og det har liten verdi. Dersom ein har eit klart ærend, og ei sak som ein brenn for, er det mykje lettare å få gjennomslagskraft.

- Kva er dei beste triksa?

- Det viktigaste er å ha ein klar bodskap. Ein bør ha eit klart fokus, og ikkje ei lang liste med ting ein ønskjer å gjere noko med. Det såg vi også på høringa til naturmangfaldslova, seier han, og viser til høringa der blant anna Naturvernforbundet og Natur og Ungdom deltok med innlegg.

som skal halde innlegg sit tilbaketente i store stolar og snakkar lågmælt saman. Nye folk som kjem inn blir møtt med handhelsing og joviale «Takk for sist». Åshild skil seg ut i mengda av menn og kvinner i forti- og fentiåra. Hedmarksjenta på 20 kjem til å vere den desidert yngste talaren denne dagen. Men også ho ser avslappa ut, der ho drikk av eit plastkrus med vatn og kikkar diskret i notatane sine. Når dørene inn til høyringsrommet opnar, dress- og draktkledd politikarar finn fram til plassane sine, og tida for det første innlegget nærmar seg, spreier likevel ei nervøs kremting seg langs stolane der representantane ventar på taletid. Organisasjonane er her fordi det er mykje som står på spel med denne lova. Og alle vil gjerne at det er deira innspel som blir hugsa av komitémedlemmane. Då er det greit å ha samordna strategien på førehand. Og både Naturvernforbundet og Natur og Ungdom held seg til strategien. Dei trekkjer fram det positive.

- Her er det mykje bra å forsvare. Det fleire ting vi synst er særleg bra, og som vi vil de skal vere merksame på, startar Jan Thomas frå Naturvernforbundet, medan han blir zooma inn på av to tv-kamera frå Stortingets nett-tv oppe på veggen.

Når det er Åshild sin tur, lener ho seg fram over bordet og smiler.

- Det er veldig bra at denne lova kjem no, for vi har ei lov som ikkje i stor nok grad klarer å ta vare på den verdifulle naturen vi har, startar ho.

- Vi synst det er veldig mykje bra i forslaget til naturmangfaldslova, held ho fram.

- Og vi er veldig glade for at vi no skal få ei mykje meir kunnskapsbasert forvaltning.

Ho smiler på nytt. Inga Marte Thorkildsen frå SV lener seg fram over bordet og kikkar interessert mot Åshild, før ho noterer noko på eit ark framfor seg. Det ser ut til at den positive strategien fungerer.

- Kvifor er det så viktig å legge vekt på det positive?

- Det er viktig for oss å framheve dei bra tinga i lovforslaget. Vi må gjere det tydeleg kva vi er nøgde med, seier Arnodd etter høringa.

- Vi har hatt eit tett samarbeid med regjeringa, og vi føler at vi har blitt hørt. Då må vi stille opp og gje kred for den solide jobben som er gjort, og for det som er gjort godt, nikkar Jan Thomas.

Med ein gong dei kjem utanfor høyringsrommet, går han og Arnodd rett til neste strategi. Dei finn ein stille krok der dei skisserar ein e-post til komitésekretær Erling Sande, medan møtet inne i høyringsrommet rullar vidare på ein storskjerm på veggen framfor dei.

- Det verste for oss hadde vore dersom lova hadde blitt sendt tilbake til regjeringa for ny handsaming, og utgreiinga hadde teke tre nye år, seier generalsekretæren.

- Det er først når lova blir vedteken, at den får konsekvensar, seier Jan Thomas.

- Og det er då vår jobb eigentleg startar.

- for deg som meiner noko

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA HANDBOK FOR LÆRAREN!

Lobbyisme

Fleire profesjonelle lobbyistar

- Finn ut kva du eigentleg ynskjer å oppnå, og ta kontakt tidleg i prosessen, er rådet frå Anne Therese Gullberg som har forska på lobbyisme, både nasjonalt og internasjonalt. Ho ser også at det stadig vert fleire profesjonelle lobbyistar.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

I følge Gullberg driv så godt som alle interesseorganisasjonane lobbyverksemd. Dette er kanalen der ein fritt kan ytre meiningane sine inn mot dei som tek beslutningane. Ofte er det kommune, fylke eller sentrale styresmakter som Stortinget og/eller regjeringa som er mottakaren.

- Organisasjonar som LO, NHO og Bellona har alltid vore aktive som lobbyistar. Dei bruker dei moglegeheitene som finst og treng i liten grad profesjonell hjelp. Dei har eit apparat som kan dette, og mange av desse organisasjonane er store og tunge. Men eit mål med lobbyismen er jo at fleire stemmer skal bli høyrde, seier Anne Therese Gullberg.

- PRESENTER LØYSINGAR

Rådet til Gullberg er å ha ein klår og tydeleg budskap for å få resultat som lobbyist.

- Og presenter løysingar for politikarane, det er viktig. Prøv å opne opp for dialog, poenget er å snakke med dei rette politikarane. Men problemet er ofte at ein har knapp tid. Noko av det viktigaste er i følge Anne Therese Gullberg å vite når ein bør ta kontakt.

- Start tidleg. Veldig mykje er gjort når forslaget er skrivne og



Anne Therese Gullberg er i dag tilsett ved Senter for klimaforskning, CICERO. Ho har tidlegare forska på maktbruk og lobbyisme, både i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Spesielt har ho sett på korleis klimaorganisasjonar driv lobbyverksemd inn mot EU –systemet. (Foto: CICERO)

I EU – systemet er profesjonell lobbyisme ei stor næring. Men også her varierer det kva politikarane meiner om å møte desse profesjonelle ansikt til ansikt, fortel Gullberg.

- Sjølv om systemet i EU er større og det er fleire inngangsportar til dei som sit med makta, så dreier lobbyismen seg om mykje av det same som her i Noreg. Men Noreg er eit lite politisk system det er lett å orientere seg i. Det er lett å få ein avtale med beslutningstakarane her.

I 2003 presenterte Gullberg saman med forskar Leif Helland rapporten: "Profesjonell lobbyisme: Norske eliters bruk av og holdninger". Rapporten viste blant anna at arbeidsmetodane til interesselobbyistar og profesjonelle lobbyistar var relativt like. Av dei spurte stortingsrepresentantane meinte 37 prosent at profesjonelle lobbyistar har stor makt, 35,9 meinte private bedrifter hadde same makt, medan 58 prosent meinte arbeidstakarorganisasjonane hadde makt som lobbyistar. Eit anna resultat i rapporten viste at det i stor grad var leiarar i privat næringsliv som nytta seg av profesjonelle lobbyistar.

Gullberg har også sett på korleis klimaorganisasjonar driv lobbyverksemd i EU – systemet.

sendt til Stortinget. Det er viktig å vere med frå starten, slår ho fast. Som lokalpolitikar eller lokal organisasjon er det viktig at budskapet ikkje framstår som lokale særinteresser, men av allmenn interesse, meiner ho. For å klare å legge den beste planen i lobbyarbeidet tyr mange til profesjonell hjelp.

- Dei fleste bruker profesjonelle lobbyistar til å legge ein god strategi. Det er derimot sjeldan at dei profesjonelle lobbyistane tek kontakt. Politikarane vil gjerne møte dei ekte interessene, og ikkje nokon som har dette som jobb.

- EIT LITE POLITISK SYSTEM

Gullberg har eit inntrykk av at talet på profesjonelle lobbyistar aukar og legg vekt på at mange mindre organisasjonar som ikkje driv lobbyisme til vanleg kan ha glede av profesjonell hjelp.

- For dei er det ikkje nausynt å ha denne kompetansen til vanleg, seier ho.

1. Kva erfaring har du med lobbyisme?
2. Kva må til for at ein skal få fram budskapet sin?
3. Kjenner du til ei spesiell sak der lobbyverksemda vart avgjerande for resultatet?

Simen Bjørgen (Sp), ordførar i Lom kommune.



1) Som ordførar driv eg med lobbyverksemd kvar einaste dag. Dei viktigaste vedtaka for Lom, blir ikkje fatta i Lom, men sentralt. Difor nyttar eg mykje av arbeidstida mi på å påverka politikarar og beslutningstakarar. Sidan Senterpartiet er eit landsdekkande parti som deltek i Regjering, opnar det seg også eit breitt kontaktnett for oss som lokalpolitikarar. Vi har ein veldig dyktig leiar i partiet, som er opptatt av at grasrota skal nå fram med sine synspunkt.

2) Engasjement, kunnskap og utholdenheit

3) Grovt sett dei fleste saker som Stortinget handsamar.

Alfred Bjørlo, dagleg leiar i Måløy Vekst AS



1. Lobbyisme krev mykje tid, det er ingen lettveit veg til suksess. Ein må byrje tidleg i prosessen og fylgje godt med.

2. Du må både beherske media og kunne ta direkte kontakt med beslutningstakarane sjølve. Det viktigaste er at du veit kva du vil oppnå med lobbyismen. Du må vere konkret og kome med forslag til løysingar, ikkje berre presentere eit problem.

3. Eit godt døme der lobbyismen vann fram, er den nye næringslivslinja me fekk på Måløy vgs. Det var eit samarbeid av fleire krefter som vann fram.

Vil ha register

- Me burde hatt eit offentleg register over profesjonelle lobbyistar. Over kven som kjøper desse tenestene, sakene det gjeld og til kva pris, seier Anne Therese Gullberg. Men stortingsfleirtalet vil det annleis.

som meiner at ein ikkje skal ha eit register over profesjonell lobbyisme. Eg meiner dette burde vore gjort offentleg og i opne former, seier Gullberg. Målet med eit slikt register bør ifølgje Anne Therese Gullberg vere at ein kan finne ut kva for nokre interesser som har makt, og kva nettverk betyr.

- For å finne ut dette må me vite kven som driv lobbyverksemd og korleis det fungerer, slår ho fast. Ho legg vidare vekt på at dette allereie eksisterer i USA, og at EU no innfører eit frivillig registreringssystem.

- Dette vert meir og meir aktuelt, og eg tur det vil kome til slutt uansett.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Rapporten frå Makt – og demokratiutredninga som vart lagt fram i 2003 viste at omlag 90 prosent av stortingsrepresentantane og like mange toppleiarar meiner profesjonell lobbyisme bør offentleggjerast. Likevel ynskjer ikkje Stortinget å regulere lobbyisme.

- Det er framleis eit stortingsfleirtal

ABC
Startsida
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start
på internett
www.startsida.no

Hadde det vore greitt å kunne drita i Pythagoras og heller hatt lappen som pensum på skulen?

Du kan hoppa opp og ned så mykje du orkar. Du kan skrika og banna på festane, hekta av døra på dass og jamvel renna skallen gjennom stoveglaset. Det er ingen som gjer noko nummer av det likevel, ingen som gidd å heva augebryna eingong. Brukar du derimot kreftene dine på å stemma ved dette valet, så har du ein real sjanse til å bli høyrte.

Vis kva som er viktig for deg. Bruk stemmeretten din.

Me veit du har meiningar om korleis du vil ha det der du bur. Me veit det er mange ting du kunne ynskja deg annleis. Og me veit du har mykje å fara med. Gamlingane har fått sagt sitt i årevis. No er det på tide at du kjem på banen. Elles er me stygt redde for at det ikkje blir forandringar på denne sida av jul. Og då kan du like godt halda fram med å hoppa.

Mot til å meina

SALDA KOMMUNE

Hjelmeland kommune

KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Time kommune

STYREMANNSKAPET I TROMSØ

garborg.no

Vidar Sandem myser der han står i C. Sundtgate i Bergen. Om det er det kvasse lyset eller den opne framtida som får han til å knipe auga saman, er usikkert. Ved årsskiftet går han av etter 13 år som sjef ved Det Norske Teatret.

- Nynorsken er eit minoritetsspråk. Er det ein plass det må vere rom for andre minoritetar, så må det vere på eit nynorskteater.

Tilbake der han starta

INGRID HILLESTAD

Det har vore ei krevjande og fin tid. Det er eit fantastisk hus med utruleg fine medarbeidarar. Folk har vore gode med meg, seier teatersjefen.

Han gjev inntrykk av å vere ein audmjuk meir enn autoritær leiar. Sandem legg samstundes ikkje skjul på at det følgjer makt med rolla.

I jobben som sjef blir du tydeleg. Det er eg som legg repertoaret, held han fram.

Om eit halvt år forlet han sjefsstolen ved Det Norske Teatret i Oslo.

NÅDD AMBISJONANE

Sandem har tatt seg ei pause frå Oslo og Det Norske Teatret. Han er i Bergen på Festspele denne veka i mai. Byen gjev han heilt spesielle kjensler. Det var her han starta teaterkarriera si som nyutdanna skodespelar tidleg på 70-talet. Han vekte merksemd ved å spele homofil i musikalen "Hår" i 1970. Ei modig rolle den gongen og motet har ikkje svikta han sidan. Måla han sette seg då han starta som teatersjef, har han vore trufast mot.

- Eg har fått gjort det eg hadde ambisjonar om. Eg var oppatt av at vi skulle setje opp ny norsk dramatik, nye norske musikalar og nye fortellingar for born og ungdom, seier Sandem.

Han synest det er trist at unge ofte må sjå gamle klassikarar om att og om att. Ein trend Sandem har ønskt å snu. Mellom anna med det moderniserte ungdomsstykket Jungelboka, som no går for fulle hus.

OM Å VERE ANNLEIS

- Det er frykteleg moro å setje opp Jungelboka. Det er også eit viktig stykke. Det handlar om å vere annleis, om å kjenne seg utafør og om å skape seg ein identitet, seier teatersjefen.

Hovudrolla, Mowgli, blir spelt av pakistansk-norske Adil Thathaal. Med sin innvandringsbakgrunn presenterer skodespelaren ei gruppe Sandem meiner har blitt usynleggjørt på den norske teaterscena altfor lenge. No ser han positive endringar.

- Dette stykket er noko av det viktigaste som har skjedd i Mangfaldsåret. Nynorsken er eit minoritetsspråk. Er det ein plass det må vere rom for andre minoritetar, så må det vere på eit nynorskteater.

PRØVD MANGE ROLLER

Det er i teatret Sandem kjenner seg heime. Her har han prøvd mange roller: Han starta som sceneteknikar då han var 17, byrja etterkvart på teaterskolen og arbeidde fleire år som skodespelar. Han er også kjend som forfattar av samtidsdramatik og han har skriva biografiske drama om avlidne kunstnarar og bohemar. Målarer Nikolai Astrup er ein av dei.

Kvifor valde du teatret?

Eg veit ikkje kvifor. Det var berre det eg ville. Eg hadde ikkje sett eit einaste teaterstykket før eg søkte Teaterhøgskulen, svarar Sandem.

Mannen med den avslipne Trøgstad-dialekten voks opp i ei lita bygd med ein slaktar-far og ei heimhjelp-mor. Det var ikkje oppveksten som stimulerte han inn i teatret, sjølv om det kunne vere dramatisk nok å vere med far på jobb. Kan hende var det eit behov for å gå eigne vegar. Dette er iallfall eit tema Sandem er opptatt av og som viser seg i flerie av stykka han set opp.

TIDLEGARE POLITIKAR

- Noko av det viktigaste vi gjer er å spele dei stykka som speglar liva våre i dag. Teatersjefar skal målast etter i kor stor grad vi har stilt opp for samtidsdramatikken, meiner Sandem.

Han har mellom anna trekt fram unge kvinnelege dramatikarar som Olaug Nilssen og Maria Tryti Vennerød.

- Kva skriv dei unge dramatikarane om?

- Mykje om menneskelege relasjonar. Det handlar ikkje så ofte om sosiale og institusjonelle utfordringar, svarar Sandem og avslører eit lite sagn etter større politiske tema.

Han var sjølv aktiv i Arbeidarpartiet som ung, og det er framleis dei sosialdemokratiske verdiane som gjeld for han.

HEFTIGE SPRÅKDISKUSJONAR

På Det Norske Teatret går språkdiskusjonane høgt.

- Eg trur ikkje språket blir diskutert så mykje rundt på andre teater, kommenterer Sandem.

Han opplever desse diskusjonane som både viktige og verdifulle.

- Vi kan vere frykteleg usamde. Skal vi bruke dialekt eller klassisk nynorsk? Det er det det står om. Det kan bli heftig i blant.

Sandem på si side er dialekttilhengar. Han trur dialektane styrker spårkrikdomen, og dermed også nynorsken.

- Vi har fått til eit levande scenespråk på Det Norske Teatret, meiner han.

Teatersjefen er ikkje i tvil om at hovudstaden er beste staden å ha eit nynorskteater. Her blir språket synleg.

- Korleis ser du på framtida for nynorsk?

- Når det gjeld nynorsk som scenespråk er eg ikkje engsteleg. Men eg meiner vi må strebe etter eit levande scenespråk. Vi må ta i bruk fargane og klangane i dialektane. Dette er den klokaste måten å gå fram på for å sikre språket si framtid.

TILBAKE PÅ SCENA

- Kva skal du gjere framover?

- No blir det først intenst rundt fram-syninga av musikalen Jesus Christ Superstar. Hank von Helvete skal spele hovudrolla. Han er eit fantastisk menneske, seier teatersjefen, tydeleg stolt over å ha fått mannen som er betre kjend frå gruppa Turboneger inn i teatret.

Eit friår ventar Sandem når han går av ved årsskiftet.

- Eg vil fylle dagane med vesentele ting. Reise, jobbe, skrive, vere til stades. Etter å ha hatt ein krevjande jobb så lenge, kan det bli stille. Eg har førebudd meg, seier Sandem.

Neste utfordring blir å finne tilbake til skodespelaren i seg. Kva scene han kjem til å stå på, veit han ikkje ennå.

- Har du ei rolle du gjerne vil spele?

- Nei, første ambisjonen blir å kunne gå på scena. Det er 13 år sidan sist. Eg må finne ut om instrumentet er i orden, om stemma, kroppen og hugsen verkar som dei skal.

FINN EIGNE VEGAR

Også denne dagen har Sandem gått eigne vegar. Han skulle eigentleg vore på den staselege og tradisjonsrike Festspele-opninga, saman med kongelege og andre kjende andlet. Vi skulle møtast like etter at opninga var ferdig.

- Korleis var opningsseremonien?

- Eg droppa han. Har vore med så mange gonger før. Gjekk heller ein tur, trur det var det beste. Det er ein sånn fin dag.

Sjølvmelding

Namn: Vidar Sandem.

Alder: 62.

Sivilstatus: Gift. To søner.

Bur: Nordstrand

Aktuell: Ved årsskiftet går han av

etter 13 år som teatersjef ved Det Norske Teatret.

Les no: Alt av W.G. Sebald.

Høyre akkurat no: Arvo Part.

Førebilete: Det vil eg ikkje plaga meg med å ha.

Mange mål å nå...



Måla er mange i den kommunale kvardagen.

Nokon er lette å nå – andre vanskelege.

Ny skule, betre vassforsyning, eller eit nytt kulturhus?

Kommunekreditt har i femten år arbeidd for at kommunenoreg skal få meir ut av midlane sine.

Beddingen 8, 7410 Trondheim

(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)

Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81

e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Målpris til Hordaland Teater

LNK sin Pris for offentlig målbruk 2009 går til ein særskilt viktig kulturinstitusjon på Vestlandet, nemleg Hordaland Teater.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa sto for utdelinga av prisen til Hordaland Teater for produksjonen Vestlandsrevyen.

Det er Landssamanslutninga av Nynorsk kommunar (LNK) som gir ut denne prisen annakvart år. Prisen kan gå til ei offentlig verksemd som har arbeidd for å fremje nynorsk språk, men den kan også gå til einskildpersonar som er markerte nynorskbrukarar i det offentlege rommet. Den første prisen vart delt ut i 1993.

Hordaland Teater er ikkje meir enn 20 år gamalt, men har verkeleg sett spor etter seg gjennom desse to tiåra, uttalte Kleppa då ho delte ut prisen.

Dåverande teatersjef Arvid Ones fekk ein glimrande idé. Han ville vise fram den vestlandske sjela, på godt og vondt – men kanskje aller mest på løye. Han tromma saman Ragnar Hovland, Finn Tokvam, Halvor Folgerø, Claus Sellevoll og Olav Stedje. Saman skulle dei skapa ein Vestlandsrevy som ikkje kan liknast med så mykje anna som har vore gjort. Juryen er ikkje ein gong sikker på om dette eigentleg var ein revy. I staden for å stole på gamle revytradisjonar, våga teatret og skodespelarane å stola



på at dei stod framfor eit intelligent publikum, sa Kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa og heldt fram:

- Gjennom skråblikk og verbale svingslag i alle retningar, gjennom tvisyn og treffsikker ironi, fekk framstillinga fram kvalitetar og haldningar hos menneske – langt ut over det vestlandske. Gjennom denne produksjonen klarte Arvid Ones og co å skapa ei førestilling som gjekk for fulle hus i Bergen i 2007 og som seinare har vore på turné over store delar av landet.

- Eg er stolt og litt rørt, seier Arvid Ones og lova med det same ein oppfylgjar på vestlandsrevyen i 2011.

Pris for offentlig målbruk vart delt ut av Landssamanslutninga av nynorsk kommunar annakvart år, og består av ein sjekk på kr 50 000, og eit trykk av kunstnaren Ludvig Eikaas. Trykket heiter "Tid og minnest" og motivet er henta frå Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda. I den grad det var ein raud tråd i Vestlandsrevyen – så var det truleg arven etter Ivar Aasen.

- Nynorsk nyttig i møte med innflyttarar

Nynorsk kan vere nyttig for ein kommune i møte med innflyttarar og innvandrarar, meiner kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det sa ministeren då ho snakka om kommunal omdømmebygging på landsmøtet til LNK i Loen.

- Dei 116 kommunane som har valt nynorsk som målform er seg medvitne tradisjon og kultur. Dei er levande prov på kor viktig det har vore å kjempa for inkludering, sa Kleppa. Ho streka under at nynorsken ikkje berre gir eit særpreg, den fortel også noko om historia.

- Den fortel noko om kva som har vorte teke inn i varmen og definert som norsk kultur, og at dette korkje har vore eller er sjølvsagt på nokon måte. Ivar Aasen, som var sentral i språkkampen, hadde meiningar om kva vi i Noreg skulle dyrka fram i høve til kultur. Han let ikkje det rådande synet på kva som skulle vera

offisiell norsk kultur stå uimotsagt. Aasen lanserte sitt eige alternativ, nynorsken, basert på dialektane. Det var ein kamp som skapte større mangfald og meir demokrati i landet vårt. Nynorsken har vore med på å inkludera folk i den demokratiske fellesskapen. Det er ei utfordring som har fellestrekk med arbeidet med inkludering og integrering, sa Kleppa.

Ho la til at det å vera tolerant og å ha ein sterk kulturell identitet ikkje er motsetningar.

- Å ha ståstad i eigen kultur kan styrka evna til å forstå det som er annleis. Også evna til å ta i bruk nye impulsar og ressursar. Vinje i Telemark er eit døme på det. Innbyggjarane der har tatt konsekvensen av at det fleirkulturelle samfunnet er ein del av det moderne Noreg. Dei satsar på kultur og dei satsar på integrering. Tradisjon og fornying går hand i hand. Slik kan eit lokalsamfunn ta i bruk både historie og dagsaktuell royndom når dei skal formidla og forklara folk som kjem utanfrå kven dei er. Det gir tryggleik, og det gjer menneska rausare, sa Kleppa.

Satsar på nynorsk nettavis

Prosjektet "Ung til sinns på Nett" er ei nettsatsing på nyheiter med fokus på kultur, ungdom og regionalt stoff. Målgruppa er ungdom og folk som er "unge til sinns".

SOLRUN S. SNILSBERG

Satsinga skal prioritere stoff relatert til kultur og ungdom. Initiativtakarane til satsinga har alle eit ynskje om å styrke nynorsktilbodet på Internett, og særleg tykkjer dei det er viktig å gjere unge eit betre tilbod enn i dag.

Prosjektet er eit samarbeid og spleiselag mellom ABC-Startsiden, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK), Nasjonalt Garborgsenter, Magasinnett og

Pirion. LNK og ABC-Startsiden hadde eit møte med Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD) 14. mai og fekk positive signal på prosjektet.

Det er tenkt at stoffet skal treffe ungdommen på deira premisser. Nettavisen skal famne breidda av nyheiter innanfor temaet kultur og det som kan vere relevant for det å vere ung i Noreg. Eksemplar som er nemnt er kunst, underhaldning i ulike media, konsertar og festivalar. Nyheitene skal kome frå dei ulike regionane i Noreg.

Det regionale stoffet vil bli levert av ti aviser frå heile landet. Satsinga skal vere eit senter der ulike regionale nyheitskanalar kan publisere kulturrelatert innhald på nett, retta mot ungdom. På denne måten kan desse avisene nå ei viktig og engasjert målgruppe, og sam-

stundes skape interesse for eigne nettsatsingar.

Prosjektet har eit budsjett 1,2 millionar kroner første år, 1,3 millionar kroner andre år og 1,4 millionar kroner i tredje og fjerde år. I oppstartfasen dei tre første åra er det naudsynt at KKD er inne med tilskot. Det er eit mål at avisprosjektet bør kunne gå i balanse det fjerde året, og at tilskota frå organisasjonane som er med etter kvart kan trappast ned gradvis.

Det er behov for redaksjonelle ressursar tilsvarande 1,5 stillingar i tillegg til kjøp av frilansstoff frå ulike samarbeidspartnarar. Dei redaksjonelle ressursane blir tilsette i LNK; som får arbeidsforansvaret. I tillegg skal ti aviser bidra med 10-20 saker kvar veke.

- Me vil òg engasjere oss



Maria Ljung og Anja Røyroy Pettersen frå Sauda diskuterer kva annonsekampanje prosjektet bør velje. – Det er viktig at me engasjerer oss, meiner dei. (Foto: Judith Sorhus Littlehamar)

FLEIRE UNGE PÅ LISTENE

Bakgrunnen for prosjektet er samfunnsengasjementet til Arne og Hulda Garborg. Hulda var til og med den første kvinna i kommunestyret i Asker. Difor ynskjer Garborgsenteret å bruke livshistoriene deira for å få fleire til å engasjere seg. Den tydelege tendensen i samfunnet er no at veldig mange, spesielt blant dei unge, vel bort det å vere politisk aktivt, og bruke stemmeretten sin.

Mot til å meina ynskjer å endre dette. Målet er å få fleire ungdommar på listene til lokalvalet i 2011, samstundes som ein aukar prosenten av dei som bruker stemmeretten sin. Prosjektet er finansiert av kommunane, Kommunal- og regionaldepartementet og næringslivet.

Nyleg var gruppa med ungdommar samla i Stavanger der dei blant anna fekk prøve seg på rollespelet Deadline. Her blei ungdommane kasta ut i livet som journalist i ein hektisk redaksjon. Dei fekk også møte unge folkevalde, sjefsredaktør i Stavanger Aftenblad Tom Hetland og direktør i Startside Espen Udland.

EI VIKTIG STEMME

- Det ser veldig interessant ut. Eg trur det er viktig at me også kan vere med å påverke politikken, seier Maria Ljung (17) frå Sauda. Ho er sjølv ikkje politisk engasjert i dag, men meiner det blir viktig å setje seg inn i kva partia står for når ho blir gamal nok til å stemme.

Også Anja Røyroy Pettersen (17) frå Sauda meiner dette er eit positivt prosjekt.

- Det er kjekt at me og kan få bidra sjølv om me er unge, meiner ho og legg til:

- Me må i alle fall få vite meir om det. Viss det er ungdomsråd eller ungdomsparti i kommunen vår må me få vite om det.

Politikk er fjernt for mange ungdommar, meiner gruppa. Men dei er ikkje i tvil om kva arena politikarane bør møte på.

- Politikarane burde bli flinkare til å bruke nettet, det er der me er, meinte fleire.

Andre meinte politikk var kjedeleg, og meinte politikarane burde høyre meir på ungdommen og kva saker dei er interesserte i. Fleire la vekt på at ungdommen også har viktige stemmer i samfunnsdebatten.

- Det er ingen tvil om at dette prosjektet er naudsynt, meinte Maria Ljung.

Ungdommane valde også ein eigen annonsekampanje som skal fylgje prosjektet. "Synes du er greitt å få 5000 kroner i bot for å pissa der duene skit?" er bodskapen på den eine annonsen.

Mot til å meina

Garborgsenteret ynskjer å få fleire unge politiske interesserte og aktive gjennom prosjektet Mot til å meina. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med LNK og kommunane Sauda, Time og Hjelmeland.



Jan Olav Fretland

- førsteamanuensis i norsk, medlem av Språkrådet

Språkråd

Skal nye landsmenn plagast med nynorsk?

Feil spørsmål, meiner eg. Men me høyrer stadig folk som hevdar at dei som kjem hit frå andre land, bør sparast for nynorsken. Dei har nok å streva med, likevel, les me. Det er oftast nordmenn som har denne omfløtta for dei andre. Ein kan ikkje dy seg for å tenkja at kanskje kan det vera greit å skuva ein tilflytt slovak eller somaliar framfor seg, dersom ein ikkje likar nynorsk. Sjølv representantar for parti som elles er skeptiske til innvandring, syner rørende omtanke i slike høve.

På landstinget til LNK hadde me eit interessant foredrag av nordmannen Stein Ringen, professor ved sjølveste Oxford-universitetet. Han snakka om dei store folkevandringane i vår tid, og la vekt på kor avgjerande viktig det er at folk som flyttar til norske kommunar, kjenner seg heime og blir språkleg og kulturelt integrerte i livet på bygda. Men faktum er at dei fleste nynorsk kommunar til no har gjeve norsktilbod berre på bokmål. Tenk deg situasjonen: Den vesle tredjeklassingen kjem heim med skulearbeidet sitt, på nynorsk, sjølvsagt. Og så lærer mor og far berre bokmål på norskkurset, og blir utrygge lærerestrar. Eller far skal arbeida i butikken, og synest det er rart at hans norsk er annleis enn den dei andre brukar.

Det er to grunnar til at nynorsken har lege etter her: For det fyrste har mange innvandrarar lært (kvar hen, tru?) at det er berre bokmål som er ordentleg norsk. Dei har fått høyra at nynorsk er noko litt rart og særnorsk. Derfor ber mange av dei om å få bokmål i undervisninga. For det andre har det til no funnest allfor lite av nynorske læremiddel på dette området. Eg har sjølv måtta undervisa utanlandske studentar på bokmål ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det er skamfullt. Men så må eg skunda meg å understrøka: I dag er det store framsteg på dette området. Det finst gode læreprogram på data, det finst trykte bøker og det finst små ordlister på ei rad språk, på nynorsk. Det viktige no, for dykk som har ansvar for dette rundt om i Bygde-Noreg, er dette:

Me må gong på gong, oppatt og oppatt, terpa på at nynorsk er eit jamstelt, fullgodt norsk skriftspråk, og ikkje eit skvaldremål for sidrøva særingar. Og me må sjå til at dei som driv med undervisning for utlendarar som kjem til Noreg, tek i bruk dei gode tilboda som etter kvart kjem på nynorsk. LNK kan gjere deg gode tips om desse tilboda.



Judy Sirks Veivle let seg inspirere av Hardangernaturen. Her er Fylkesundet med i eit måleri ho beld på med (Foto: Ingrid Hillestad).

Kristi Skintveit søker om arbeidsoppbald i Messen. Ho viser fram teppe ho har vove med motiv av Olav H. Hauge. (Foto: Ingrid Hillestad)



Skapar folkevekst i Kvam

Hardangerregionen lokkar kunstnarar til seg. Det har fått den negative utviklinga i folketalet til å snu.

INGRID HILLESTAD

For første gong på mange år, og som einaste kommune i regionen, kan Kvam skryte av ein vekst på 128 personar i 2008.

Det er svært mykje i ein så liten kommune, kommenterer Jan Tjosås, næringsutviklar i Kvam.

Det bur no nøyaktig 8344 personar i kommunen. Kvam si aktive satsing på kunst og kultur dei siste åra er truleg ei viktig forklaring på at folk vil bu i Hardangerkommunen att.

TIDLEGARE INDUSTRIHUS

- Om kunstsatsinga er årsak til folketalsutviklinga er ikkje så lett å måle. Folk flyttar hit fordi det er eit positivt område, kommenterer Vidar Skeie, nyttilsett direktør i Hardangerlokk, som er namnet på eit av prosjekta i ein større kampanje for å få folk til å flytte til Hardanger.

I arbeidet med å lokke kunstnarane til Hardanger, har kunstnarhuset Messen i industrisamfunnet Ålvik vakse fram. Der har fem profesjonelle kunstnarar budd og arbeidd i vel eitt år, medan andre kjem innom på kortare stipendoppbald. Det staselege raude murhuset, idyllisk plassert ved Hardangerfjorden, fungerte tidlegare som bustads- og administrasjonshus for tilsette ved Bjølvefossen industrier. No blir Messen leigd av Kvam herad, som stiller huset til disposisjon for ei ny næring i vekst: kulturnæringa.

FUNGERER SOM EI STEMME

I huset Messen bur mellom andre paret Judy og Ole Mads Sirks Veivle med dottera Johanna på snart to år. Målaren og filmprodusenten frå Bergen har atelier vegg i vegg i det store huset. Her har også kunstnarparet Thora Solveig Bergsteinsdottir frå Island og Erwin van der Werwe frå Nederland arbeidsrom. For tida held vidare ein belgisk og ein spansk

fotograf til i Messen. Dei er innom på kortare oppbald. I tillegg har Hardangerlokkadministrasjonen, som utgjør ei og ei halv stilling, samt leiar i kunstnarnettverket Hardingpuls, Solfrid Aksnes, kontor i huset.

Vi vil fungere som ei stemme. Vi ønskjer at kunstnarane skal ha ein plass å forhalde seg til, seier Aksnes.

SKEPSISEN FORSVANN

- Vi hadde snakka om å flytte på landet då vi fekk kjennskap til Hardangerlokk. Vi blei inviterte med på ei helg der vi fekk høyre om moglegheitene på staden og om Messen. Med det same var vi litt skeptiske. Kva for ein stad var Ålvik, lurte vi. No likar vi landsbypreget her. Staden har også litt preg av bysamfunn. Dessutan kjem vi oss lett til vener og familie i Bergen, fortel Ole Mads Sirks Veivle.

Han er tilsett i 20 prosent stilling som dagleg leiar for Messen. Han tar ansvar for vedlikehald og for kunstnarane som kjem på gjestepbald. Veivle er også med og arrangerer utstillingar og konsertar i kunstnarhuset, som skal vere oppe for alle.

AKTIVE I MILJØET

Kulturleiar i Kvam herad, Lars Erik Klafstad, viser rundt i det nøkternt innreidde og eventyrlege huset, med mange hyblar, rom, korridorar og dører. Med si sentrale plassering i Hardanger, er Messen eigna som arbeidsstad og møtestad for kunstnarar i regionen.

- Dei har vore eineståande, dei som har flytta hit. Dei er svært aktive i miljøet og fungerer som eit friskt pust, seier Klafstad.

- At vi får etablert trua på ei framtid i regionen, er viktig. At vi har noko å vere stolte av, er avgjerande for å få folk hit, held han fram.

- Men kan ikkje kunstnarar vere nok så flyktige tilflyttarar? Er dei noko å satsa på?

- Vi må heile tida jobbe for å stimulere miljøet og legge til rette for at kunstnarane kan søkje støtte, svarer kultursjefen.

Han meiner det er svært viktig å fokusere på kvaliteten i eit slikt prosjekt,

om det skal bli livskraftig og skape varige ringverkander.

LANGE RØTER

Satsing på kunst og kultur har lange røter i Hardanger. Kristi Skintveit, hardangerkunstnar med tydelegare band til tradisjonen enn dei som elles held til i Messen, er innom huset denne dagen. Ho viser teppe ho har vove med diktmotiv av ein annan kjend kunstnar frå regionen, Olav H. Hauge. No søker tekstilkunstnarane frå Jondal om arbeidsoppbald i Messen.

- Kvifor vil du hit?
- Det kan vere skjerpande å endre omgjevnader. Eg ønskjer også å bli kjend med eit yngre kunstnarmiljø, forklarar Skintveit.

KREATIVE UTVIKLARAR

Kultursjef Klafstad seier målet er at kunstnarane med tida skal bli økonomisk uavhengige. At dei skal skape møtestadene og prosjekta sine sjølve, noko kunstnarane som flytta til Kvam i fjor er godt i gang med. Det nyetablerte Hardanger Kunstsenter i Norheimsund er eitt eksempel. Det blir drive av Bergsteinsdottir og van der Werwe, som elles held til i Messen.

- Korleis er Kvam om ti år, Klafstad?

- Eg har ein draum om at den profesjonelle delen av kulturlivet, altså kunstnarane, har fått bygd opp god infrastruktur, at det har blitt skapt fleire møtestader og at vi har integrert fleire kreative folk i kommunale utviklingsprosjekt. Det er altfor mange godt vaksne menn i grå dressar som styrer utviklinga no. Vi må dessutan bygge vidare på verdiane våre, forsterke dei og innsjå at fjord og fjell betyr mykje her, held den engasjerte kultursjefen fram.

Om det er fjord og fjell, eller kunst og kultur, som får folketalet i Kvam til å skyte i veret, er det vanskeleg å finne klart svar på. Truleg er det den unike naturen, saman med eit levande kunstmiljø, som trekker folk til Hardangerkommunen.

- Vil ha meir nynorsk barne-tv

Etableringa av NorDubb i Volda vil auka tilgangen på nynorsk barne-tv for NRK, seier den nyvalde leiaren i Kringkastingsringen, Martin Toft.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

- Det vil ikkje lengre vera noko problem for verken NRK eller TV2 å få tak i barneprogram med nynorske røyster, seier ein nøgd Toft.

Det er ifølgje kringkastingsleiaren viktig at born møter ulike dialektar i fjernsynet. Ved at borna høyrer og gjenkjenner nynorsk vil dei få ein stoltheit til sitt eige språk og sin eigen identitet. Eit auka mangfald i stemmer og dialektar vil også vera med å stimulera fantasien til borna, seier Toft.



Nyvald leiar i Kringkastingsringen Martin Toft, meiner etableringa av NorDubb i Volda vil vera med å auka tilgangen på nynorske barneprogram i NRK. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

AKTUELL PROBLEMSTILLING

Ifølgje NRK sin eigen årsrapport har nynorskdelene gått ned frå 2008, med unntak av NRK2. I denne rapporten er ikkje nynorskandelen i dei nye kanalane NRK3 og NRK Super med grunna manglande statistisk materiale.

- Sjølv om NRK dei siste åra har vist auka vilje til å gjera noko med nynorskprosenten har målet om 25 prosent aldri blitt nådd, fortel Toft. Medan nyhendeprogramma i TV2 og NRK er bra, har barne-tv hatt lite å syne til. I snitt var nynorskandelen i NRK 20 prosent i 2008, det var ein nedgang på 2 prosent frå året før.

Kringkastingsringen har dei siste åra nytta ein stor del av ressursane sine på å overtala NRK til å bruka enda meir dialekt og nynorsk i barneprogramma sine i fjernsynet.

- Med NRK si satsing på barnkanalen NRK Super har denne problemstillinga blitt enda meir aktuell, understrekar Toft.

Samstundes er han glad for at NRK har vist stor vilje til å la fleire barneprogram bli produserte utanfor Oslo, i Sogn og Fjordane og i Tromsø.

RETTELEIANDE VAKTBIKKJE

Hovudoppgåva for Kringkastingsringen er framleis å

vera ei vaktbikkje for media. I dag jobbar dei tett opp mot både NRK og TV2 for å få dei til å oppretthalda minstekravet om 25 prosent nynorsk i kanalane.

- Det er viktig at nokon følger opp intensjonane til Stortinget så lenge kanalane har konsesjon. Kanalane sjølve har ingen sanksjonshøve, så det er opp til Kringkastingsringen å passa på, fortel Toft.

Han meiner det er viktig å rettleia NRK i staden for å bruka pisk.

TRENG UNGE MEDLEMER

I tillegg til å auka nynorskdelene i NRK og TV2 har Toft eit mål om å få rekruttera nye unge medlemmer.

- Berre slik kan Kringkastingsringen halda fram med å påverka mediekanalane til å få opp prosenten med nynorsk og dialekt i TV2 og NRK, seier han. Det er viktig at born veks opp i den trua at deira språk ikkje er unormalt.

FOR DÅRLEG INNSATS

Orsakingane til kanalane for mangel på nynorsktilbod er vage, og ein nytar ofte bortforklaringar, som at ein manglar nynorske journalistar. Toft meiner mediekanalane må vera meir

Kringkastingsringen

Kringkastingsringen vart starta som ein motaksjon mot mobbinga av nynorskmedarbeidarane i NRK i 1955. Organisasjonen er basert på frivillig

innsats, og mottek ikkje offentleg støtte. Kringkastingsringen baserer drifta på medlemspengar og pengegaver. Har i dag 1200 medlemmer.



”Dette er din veg. Berre du skal gå han”

Sitat frå diktet Din veg av Olav H. Hauge

Kommunalbanken - ein fulltreffar for kommunen din
-me finansierer lokale løysingar

KBN Kommunalbanken
Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

I meir enn 80 år har me hjulpet kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisera kommunen sine mål.

Stryn



Hotell med nynorsk identitet

- For oss er det heilt naturleg å profilere oss på nynorsk, seier direktør Richard Grov (44) ved Hotel Alexandra i Loen. For det fekk dei Nynorsk Næringslivspris i 2007.

JUDITH SØRBUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



Direktør ved Hotel Alexandra, Richard Grov, meiner det er heilt naturleg at hotellet profilerer seg på nynorsk. (Foto: Judith Sørbus Littlehamar)

Det historiske hotellet vart grunnlagt i 1884 og er framleis ei familiebedrift. - Tippoldefar min bygde hotellet og dreiv det fram til 1890. Då kom sonen hans heim frå Amerika og tok over drifta. Medan han var i utlandet sende han pengar heim, så hotellet er langt på veg bygd av amerikanske dollar, seier Grov som er femte generasjon som driv hotellet. Med den heimkomne sonen frå Amerika, kom også det internasjonale preget til hotellet.

Opphavleg hadde hotellet namnet Loen's Hotell, men dei mange utlandske turistane meinte namnet var for vanskeleg å uttale. Difor fekk dei æra av å gi hotellet nytt namn i 1892. Hotel Alexandra er oppkalt etter prinsesse Alexandra av Danmark, gift med prins Edward, som seinare vart kong Edward VII av England. I dag eig Hotel Alexandra også Hotel Loenfjord i Loen og Wadahl Høyfjellshotell i Gålå.

- SKAP EIN PLATTFORM

Tidleg på 80-talet gjekk hotellet over til å bruke nynorsk som forretningspråk. I grunngevinga til Nynorsk Næringslivspris i 2007, som Noregs Mållag står bak, heiter det at hotellet har vore ein språkleg vegvisar for næringslivet.

- Det er dette som er identiteten vår. Me ligg i eit nynorsk område og det var aldri noko spørsmål om me skulle reindyrke nynorskprofilen, seier Grov. - Og det har me berre fått positive attendemeldingar på, slår han fast. Hotel Alexandra har bygd opp eit verdskjend omdøme som eit hotell med lokal identitet og god kvalitet. Richard Grov meiner mykje handlar om å skape ein stabil plattform i bedrifta.

- Og så må du vere dønn ærleg i alt du utfører, du må legge sjela di i det, er rådet frå direktøren.

STOR ARBEIDSPASS

Hotel Alexandra har i dag ein kapasitet på 189 rom, men er i ferd med å planlegge ei utviding på 36 rom.

- Det er litt avhenging av denne finanskrisa, eller realøkonomiske krisa som eg kallar det, når dette

blir. Me merka også ein tydeleg nedgang frå andre kvartal i fjor, og den held fram i år. Men det er klart dette vil snu, meiner Richard Grov. Hotellet har om lag 140 årsverk og

Skåla opp

Laurdag 15. august går det tradisjonelle motbakkeløpet Skåla Opp av stabelen. Skåla ligg 1848 meter over havet i Loen. I 1891 blei det bygd eit rundt tårn med 22 sengeplassar. Opphavsmannen var Hans Henrik Gerhard Kloumann som hadde rekreasjon for kropp og sjel som grunnlag for byggverket. I alle år har dette vore eit populært fjellmål, og mange har sprunge opp bakkane for å slå rekordane som går på folkemunne. Skåla er rekna som Noregs høgaste

dermed ein av Loen sine største arbeidsplassar.

- Det er viktig å kunne skape trygge arbeidsplassar. Me ynskjer også å vere eit synleg vertskap, ikkje berre me i leiinga, men at heile huset skal representere eit vertskap. Har me trygge arbeidsplassar får me også trygge tilsette. Og dei utfører ein god jobb, slår han fast. - Har du nokre tankar om kvifor det vert skapt så mykje i Stryn?

- Me har alltid hatt få offentlege arbeidsplassar, me må klare oss sjølve. Og når ein driv for seg sjølv er det mange nålauga ein skal gjennom, då vert ein ofte sta, seier Grov. Han meiner det kan vere ein av fleire grunnar til at skaparglede og kreative verksemdar blømer opp i kommunen.

fjelltopp, som har foten i sjøen. I Skåla Opp kan du velje om du vil ta løpet som ein tur eller konkurrere på tid. Alle som fullfører er vinnarar og får Skålamedaljen når dei kjem på toppen. Det vert også trekking av premiar blant alle deltakarane som møter opp. I tillegg får dei fem beste i kvar klasse pengepremiar. Adidas Skåla Opp er i år eit av sju WMRA Grand Prix motbakkeløp, og er dermed det første norske motbakkeløp som har fått Grand Prix status.

(Kjelde: skaala.no)



Styrar i Tonningen barnehage (t.b) Eva Sefland og assistent og sjåfør Steinar Fjellkærstad er særns nøgde med den nye barnehagebussen. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)



Mobil barnehageavdeling

Frå april i år har Tonning barnehage i Stryn hatt eiga avdeling på buss.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Då behovet for fleire barnehageplassar ved barnehagen melde seg, investerte Stryn kommune i eigen barnehagebuss for å koma auken i møte.

- Det er billigare for kommunen å kjøpa ein barnehagebuss enn å byggja ein ny avdeling, seier styrar i Tonningen barnehage, Eva Sefland. Ein slepp å kjøpa tomt og venta på sakshandsaming. Bussen som Tonningen barnehage tok i bruk i april i år, kosta kommunen 2,5 millionar kroner. I bussen har borna eige kjøken, tørkeskap, garderobe og gode sikra seter å sitja i. I tillegg har dei med seg alt dei treng anten det er redningsvestar eller regnkjede. Mobilavdelinga har brakker, innreia til base der dei kan opphalda seg før dei reiser med bussen og til dei vert henta etter endt buss- og barnehagedag.

Ordførar i Stryn, Nils P. Støyva, understrekar at barnehagebussen ikkje skal erstatta vanlege barnehageavdelingar, men vera eit godt alternativ. - Den nye bussen gjev oss nye høve til å koma oss ut av sentrumskjernen og til skogsområda, fortel barnehagestyrar Sefland.

I dag er det fire- og femåringar som vert prioriterte på den mobile avdelinga.

- Det kan fort bli ei utfordring å finna på nye spennande ting for born som har gått i barnehagen sidan dei var eitt år, seier Sefland. Nå har me høve til å koma oss der me vil når me vil.

I tillegg til fire- og femåringane får borna på dei andre avdelingane nytta bussen når den er ledig.

SVENSK IDÉ

Ideen til barnehagebussen kjem frå svenske Solveig Sunnebo.

- Som eigar av fleire svenske private barnehagar ynskta ho å finne noko som kunne tenna gløden i augene til pedagogane, fortel Sefland. Sunnebo vart inspirert av bussbruk i Danmark, men ville få laga ein buss som oppfødde skandinaviske krav, og som var meir komfortabel for barnehageborn.

I Noreg samarbeida Sunnebo med Vest Buss Industri i Stryn om å få utvikla ein buss med alle fasilitetar for ei barnehageavdeling.

Tonning barnehage i Stryn fekk tilbod om å vera med i denne prosessen, og barnehagen stilte med forsøksborn til bussen, fortel styrar Eva Sefland. Her fekk borna ta del i heile prosessen frå skisser til ferdig produkt.

Levande historier på nettet

ABM - utvikling søker no dine historier til nettportalen Digitalt Fortalt.

Digitalt Fortalt vart lansert 3. februar 2009 og er ABM-utvikling si satsing i Kulturminneåret 2009.

Under LNK sitt landsting i Loen etterlyste direktør i ABM - utvikling, Gunnar Urtegard, fleire levande og personlege historier til nettportalen.

- Me treng fleire historier frå folk flest. Noko av det viktigaste for å få det til er å skape god dialog med publikum, slår han fast.

I tillegg skal ABM - utvikling blant

anna arrangere forteljarkurs i alle fylke for å ivareta den gamle tradisjonen. På Digitalt Fortalt kan ein blant anna lese om samlekassetane kultur - og kyrkjeminister Trond Giske laga på 80 - talet.

Nynorskpris til Aase

22 år gamle Ronny Brede Aase i NRK P3 får Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar for 2009.

-Som nynorskbrukande platepratar i P3 når han ungdom når språklege haldningar vert forma og vala tekne. Han kan vere eit føredøme for andre dialekt- og nynorskbrukarar, seier juryen i ei pressemelding.

STIMULERER SPRÅKET

Barnehagebussen gjer at borna når lett ut til nye miljø. Ved hjelp av bussen får borna nytta seg av mange natur- og friluftsområde i kommunen og borna kan reisa på besøk til andre barnehagar, bedrifter, og få ta del i gardsbesøk og kulturaktivitetar.

Sefland meiner den mobile barnehagen også er god for språkoppleringa til borna.

- Får borna sjå og ta på ein frosk når dei er ute i naturen er det mykje

større sjans for at dei hugsar ordet, enn om dei berre høyrer det, seier ho. Ikkje minst er språktreninga veldig bra for dei minoritetsspråklege borna i Tonning barnehage, som tel rundt 20 prosent av barnehageborna.

- Her vert ein "tvinga" til å prata, og det er ikkje så lett å skli gjennom dagen usett. Målet er at minoritetsspråklege barn i barnehagen skal ha 5 av dei 22 plassene i bussen, avsluttar Sefland.

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemdar kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

 FAGFORBUNDET



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

Stryn kommune

Området som i dag utgjer Stryn kommune ligg rundt innte delen av Nordfjord og er samansett av det som fram til kommunesamanslåinga i 1964 var Stryn kommune og Innvik kommune.

Kommunen grensar til Møre og Romsdal fylke, Oppland fylke og kommunane Hornindal, Eid, Gloppen, Jølster og Luster i Sogn og Fjordane.

Stryn er kommunesenteret i den vidstrakte kommunen.

Kommunen har ekspressbussamband med Oslo, Bergen, Trondheim og Ålesund fleire gongar for dagen.

Næraste flyplass er Sandane lufthamn Anda. Kommunesenteret Stryn med om lag 2500 innbyggjarar har eit godt tilbod både innanfor handel og tenesteyting.

Stryn har eit mangfold av bedrifter i ulike bransjar. Kommunen har også ei aktiv landbruksnærings. Husdyrholdet står sterkt i dei ulike bygdelaga i kommunen.


Reiselivsnæringa viktig for sysselsettinga Briksdalsbreen, Stryn sommarskiser og Jostedalbreen Nasjonalparksenter er kanskje dei mest kjende attraksjonane i indre Nordfjord.

Kommunestyret har 24 representantar

Ordførar:	Nils Petter Støyva (Ap)
AP	5
Sp	8
H	3
FrP	3
SV	2
UAV	1

Rådman: Harald Risnes

kjelde: www.stryn.kommune.no



Stryn



Gode på design

Ordfører i Stryn, Nils P. Støyva, stiller friskt i rosa skjorte og dressjakke frå Moods of Norway. Det er tydeleg at bygda er stolt av kva som vert skapt i kommunen.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

I Stryn er me gode på design og produksjon, seier Henny Staalnacke. Variasjonen og mangfaldet er stort.

Henny Staalnacke er vaksen opp i møbelproduksjonsmiljø i Stryn, og ho har drive med design og produksjon av Henny dåpskjolar sidan midten av nittitalet. Det vert travle dagar når ein innimellom skal promotera og tilretteleggja motevisningar av dei største innan design og produksjon i Stryn.

Det er ein ganske stor variasjon og eit stort mangfald i design, understrekar Staalnacke. Ho er mor til ein av klesdesignarane, Simen Staalnacke i Moods of Norway, som nyleg har opna utsal i Hollywood i Los Angeles og Trondheim. I tillegg har dei egne butikkar i Oslo, Bergen, Island, Tokyo og i Flø i Ulsteinvik.

FORMIDLAR KULTURHISTORIE

Moods of Norway designar og produserer klede for folk flest. Dei same klede ein ser på catwalken kan ein få kjøpt i butikken i Stryn eller i Los Angeles. Dette er klede som passar både unge og eldre, alt etter smak.

Formidling av historie og kulturhistorie gjennom design ligg i botn i designet av dåpskjolar, fortel Henny Staalnacke. Det er og eit viktig grep for uttrykket til Moods.

På Moods of Norway sine heimesider står det at "hovudmålet for designgjengen er å laga glade klede for glade folk i heile verda, i tillegg til å gjera bestemor glad".

I kleskolleksjonane til Moods får ein innblikk i både Stabbur og Ole Bull. I tillegg vert besteforeldre, mødre og tanter nytta som objekt på prislappar og merkelappar.

Visste du til dømes at sprayboksen er norsk, spør Henny, og legg til at dei fyrste plagga til designteamet vart laga på hennar symaskin.

STOLT OG IMPONERT

Med sitt gjenkjennelege og leikande originale uttrykk set klesdesignarane

Kenneth Håvik (20), Hilde Nordnes (20) og Hilde Drageset (20) stiller gjerne opp for å vera med å syne fram kreasjonar frå lokale designarar og produsentar. Tre øvste foto er frå butikken til Moods of Norway i Stryn (Foto: Astrid E. Hjelmeland)



Ordfører Nils P. Støyva (AP) i Stryn er stolt bærer av klede designa av Moods of Norway med base i Stryn kommune. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

med røter i Stryn, sitt preg på bygda. Ungdommen er særst stolte over kva gutane i klesbedrifta Moods har fått til. Hilde Drageset (20), Hilde Nordnes (20) og Kenneth Håvik (20) er samde. Dei har alle jobba i Moods-butikken i Stryn.



Henny Staalnacke er vaksen opp med design og produksjon og både ho og sonen jobbar med eige design i sine resepektive bedrifter, Henny dåpskjolar og Moods of Norway. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

Sjølvsagt om ein kjem frå ein liten plass kan ein gjera det stort, seier Drageset.

Eg er stolt og imponert over at designgutane, som har base i Stryn, får det så bra til både nasjonalt og internasjonalt, seier Kenneth Håvik.

KREATIVT MILJØ

I Stryn er det få statlege bedrifter, fortel Henny Staalnacke. Skal ein bu på små stadar må ein skapa noko

sjølv. Når fleire kreative sjeler søker saman, utfyller dei kvarandre og spelar på kompetansen til kvarandre meir enn å konkurrera, understrekar ho.

Henny meiner ungdommen i Stryn vert inspirerte av gutane i Moods.

Moods of Norway er ikkje aleine om å produsera klede som er kjende utover kommune- og landegrensene. Medan Moods lanserte merket for fire år sidan har Riccovero, med base i Olden, røter langt tilbake i tid. Skogstad held til i same kommune.

Henny Staalnacke er vaksen opp med design og produksjon og både ho og sonen jobbar med eige design i sine resepektive bedrifter, Henny dåpskjolar og Moods of Norway. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

ABC Startside®
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

www.startside.no

Nynorsk er ein styrke

- Har du ein dialekt – bruk han, oppmodar leiar i Noregs Mållag Håvard B. Øvregård.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Den nyvalde leiar i Noregs Mållag meiner mållaget framleis spelar ei viktig rolle i samfunnet når det gjeld språkmedvit og språktryggleik.

Språkarbeid liknar minoritetsarbeid, seier Øvregård. Viss ein ikkje jobbar aktivt med det nynorske språket, fell ofte valet på bokmål. Min jobb er å sikra at valet vert nynorsk.

Dei som tør å nytta nynorsk kommuniserer ein identitet, sjølvstykkeheit, tryggleik og styrke, held han fram. Bokmål i seg sjølv har ikkje same eigenverdi, hevdar Øvregård. Det er eit paradoks at mange vel å endra skriftform til bokmål av di dei trur dette vil betra formidlingsevna.

BEVISSTE VAL

Mållagsleiaren, som kom frå leiarstolen i Kringkastingsringen i vår, meiner det er viktig å formidla at nynorsk er ein styrke og ikkje ei ulempe.

Nynorsk må gjerast lett tilgjengeleg for alle. Det må vera lett å bruka, understrekar han.

Haldningane til språket er viktig. Dersom ein kommune eller ei bedrift tek eit bevisst val og marknadsfører seg på nynorsk, signaliserer dei ein verdi som er med å påverka dei som jobbar og bur rundt dei.

Øvregård dreg fram Alexandra hotell i Loen i Stryn som har gjort eit bevisst val og nyttar nynorsk i all marknadsføring, inkludert nettstaden.

Veldig mange tingar nettstad utan å reflektera over kva språk dei vil ha han på, fortel han. Her kjem ofte medvitløysa inn.

MANGFALDIG MÅLRØRSLER

Som høgremann og EU-tilhengar er ikkje Øvregård prototypen på ein mållagsmann.

Målsak er å kjempa for fleirkultur og ikkje trongkultur, understrekar han. Det er diverre ei levande myte at mållaget er gamaldags, seier han. Problemet med mytar er at dei er vanskelege å endra. Mållaget har ei utfordring i å formidla det biletet som stemmer overens med mangfaldet i mållagsrørsler.

Mållagsleiaren har eit mål om alltid å vera meir positiv enn negativ. Han vil heller vera for enn i mot, og han vil heller foreslå løysingar enn å fokusera på problem.

RASISTISK KONSEKVENNS

Øvregård er oppgitt over haldninga rundt om i landet til norskopplæring for framandspråklege, og han fryktar på sikt ein rasistisk konsekvens av praksisen som vert utøvd.

Når alle nordmenn har opplæring i både nynorsk og bokmål i grunnskulen, er det ei klar forskjellsbehandling når kommunar ikkje tilbyr vaksne



framandspråklege å læra nynorsk, seier Øvregård. Dette kan tyda på at me vurderer vaksne framandspråklege som annanrangs, og at dei ikkje er viktige nok for oss til at me lærer dei språka me nyttar i landet vårt. Han peikar i tillegg på at det er best å læra nynorsk fyrst om ein skal læra begge skriftspråka.

FREMJAR INTEGRERING

Øvregård er klår på at opplæring i det språket som ligg nærast dialekten er viktig for integreringsarbeidet i kommunar.

Dersom ein snakkar den lokale dialekten er det ingen som bryr seg om kva hudfarge ein har. Dialekt skapar tilknytning. Det vert verre å høyre til når ein må ty til standardisert bokmål. Han viser til både Vinje og Våga som er to gode døme på godt målmedvit og vellukka integrering av flyktningar.

Han legg også vekt på at dess fleire språk ein kan dess lettare er det å tileigna seg ny språkkunnskap. Dette gjeld og elevar i grunn- og vidaregåande skule.

Å frita elevar med minoritetsbakgrunn frå sidemål er ei statssanksjonert diskriminering på bakgrunn av foreldre sitt opphavlege land.

Vidare meiner han at det må vera eit uttrykt politisk ynskje i kommunane om å kunne tilby nynorsk språkopplæring. Dette må til for å endra praksisen der størstedelen av framandspråklege berre lærer bokmål. Han viser til Ordførarproppet som er i gong på Vestlandet som eit godt døme på det.

Ein kan ikkje venta at innvandrane sjølve skal ta initiativ når alle instansane før dei har ignorert retningslinjene for opplæring, seier han.

BYRJAR I BARNEHAGEN

Det er mange saker som står på dagsorden for mållagsleiaren, men på landsmøtet vart det klart at språkmidlinga i barnehagen skal vera eit fokus for Noregs Mållag.

Fyrst høyrer ein, så les ein og så skriv ein. Då er det avgjerande for borna kva som vert formidla av litteratur og språk i barnehagen, avsluttar Øvregård.



Kommunekreditt har vore støttespelar for Opera Nordfjord i ti år.

Det er mange mål....

Nokon er lette å nå - andre vanskelege. Ny skule, betre vassforsyning eller kanskje eit nytt operahus. Kommunekreditt gjer sitt for at midlane skal strekke litt lenger når dei folkevalde skal prioritera sine investeringar.



Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

- Eit unikt prosjekt

Kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) meiner Diktarvegen er eit unikt prosjekt.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Ministeren uttrykte støtte til prosjekt som klarer å knyte kultur og næring saman, då ho snakka om rv. 13 som verktoy for ein aktiv distrikts- og regionalpolitikk under Diktarvegkonferansen i Ulvik i april. Ho meinte også prosjektet ville ha gode sjansar for å få støtte frå departementet.

- Me har gode erfaringar med å støtte prosjekt som skaper engasjement og nye arbeidsplassar i distrikta, meinte ho, og la vekt på sitt eige engasjement for den mykje omtalte vegstrekninga.

- Diktarvegen er ein openbar kandidat til slike midlar, uttalte ho. Kommunal- og regionalministeren meinte også prosjektet er bra for utviklinga av lokalmiljøet.

- EIT LOKALT HANDLINGSROM
- Noko av det viktigaste er å utvide det lokale handlingsrommet.

Diktarvegen er eit glimrande uttrykk for lokale krefter som ser lokale fortrinn, meinte ho

Diktarvegkonferansen samla personar innan kultur, næringsliv, samferdsle og politikk for å stake ut kursen for prosjektet. Meininga med prosjektet er at spor etter fem kjende forfattarar skal løse deg langs rv. 13 frå Jæren, gjennom Ryfylke, Hardanger, Voss, Sogn og til Sunnfjord.

Målet er å etablere den første litteraturruta i Noreg, der forfattarane Arne Garborg, Rasmus Løland, Olav H. Hauge, Per Sivle og Jakob Sande og deira lokale senter skal vere ryggraden.

Her skal ein syngleggjere arbeidet deira på stoppunkt langs turistvegen, samarbeide om kulturprosjekt og pedagogiske opplegg, utvikle felles litteraturnettverk, tilrettelegge fysiske utstillingar og styrke ruta som indre stamveg. Ein legg no grunnlaget for å utvikle og formalisere diktarvegprosjektet til å bli ein ressurs for nærings- og utviklingsarbeidet i 16 kommunar, 5 regionar og 3 fylkeskommunar. Målet er å nytte kulturkapitalen etter dei fem forfattarane til noko positivt og utviklande for framtida.


DEN FØRSTE LITTERATURRUTA

Prosjektet har no søkt kommunal- og regionaldepartementet om 2,8 millionar kroner fordelt på fire år. I søknaden vert det lagt vekt på at prosjektet vonleg vil bli ein sentral del av kommunane og fylkeskommunane sine strategiar for omdømebygging i kommunane langs rv. 13. Dette skal med andre ord bli den første litteraturruta i landet. Dei fem forfattarane skal utgjere grunnmuren, men ein legg vekt på at det kan bli ei mogleg utviding i framtida. LNK har teke på seg å samordne prosessen og står difor som formell søkjar. I tillegg er det sett ned ei arbeidsgruppe der dei ulike litteraturselskapa er representerte. Etterkvart er planen å setje ned ei referansegruppe der litteraturselskapa, destinasjonsselskapa i dei aktuelle regionane, Nasjonale Turistvegar, dei 17 kommunane og dei tre fylkeskommunane, samt næringslivet og regionråda langs vegen er representerte. Målet er å starte opp det konkrete arbeidet hausten 2010.



Synest du
det er greitt
å få **5.000,-**
i bot for
å **pissa**
der duene
skit?

LOKALMILJØ MEDIA



Ein god gjest gjer husbonden glad

Ivar Aasen
Ivar Aasen
Norske Ordsprog, 1881

Møteplassen i Oslo

Skal du til Oslo, treff du kjentfolk på Bondeheimen og Kaffistova. Alle tilsette i LNK-kommunane (privat- og tenestereiser) bur på eigne, gode prisar heile året.

Enkeltrom 970,-
Dobbeltrum 1110,-

Gratis breiband, nyoppussa, bog komfort og standard,
norsk tradisjonsmat og uførmell atmosfære for alt slags folk!
Nær Karl Johan og regjeringskvartalet og alt Oslo bar å by på!

Best Western
Hotell Bondeheimen® & Kaffistova®



Rosenkrantz' gate 8, 0159 Oslo ~ Tlf: +47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com ~ www.bondeheimen.com

Du kan hoppa opp og ned så mykje du orkar. Du kan skrika og banna på festane, hekta av døra på dass og jamvel renna skallen gjennom stoveglaset. Det er ingen som gjer noko nummer av det likevel, ingen som gidd å heva augebryna eingong. Brukar du derimot kreftene dine på å stemma ved dette valet, så har du ein real sjanse til å bli høyrte.

**Det er ikkje pissetrengt
å meina noko. Bruk stemmeretten din.**

Me veit du har meiningar om korleis du vil ha det der du bur. Me veit det er mange ting du kunne ynskja deg annleis. Og me veit du har mykje å fara med. Gamlingane har fått sagt sitt i årevis. No er det på tide at du kjem på banen. Elles er me stygt redde for at det ikkje blir forandringar på denne sida av jul. Og då kan du like godt halda fram med å hoppa.



Festspel med andre ord

I år er det Anna Gavalda – omsetjar Tove Bakke som er festspeldiktar under Dei nynorske festspela på Aasentunet i slutten av juni.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

I år vert det litteratur og songar på minst 14 ulike språk under Dei nynorske festspela. Saman med om lag 20 andre forfattarar og omsetjarar vil Tove Bakke prege det innhaldsrike programmet som inneheld meir enn 50 arrangement på 20 ulike scener. Temaet er "Med andre ord", og det er første gongen ein omsetjar er festspeldiktar. Andre kjente namn som skal opptre under festspela er Arve Henriksen, Aasmund Nordstoga, Side Brok og Cajun du Nord. Her blir det rytmar frå blant anna Afrika, Karibia, USA og Nordvestlandet. Den franske forfattaren Marie Désplechin, den engelske forfattaren Ian Sansom og den kinesiske omsetjaren Shi Quine kjem også til Dei nynorske festspela. Arrangementet har eit samla budsjett på 1,8 millionar kroner.

EIT SPRÅKMØTE

Som omsetjar har Tove Bakke sin del av æra for at titusenvis av norske lesarar har kjøpt bøkene av Anna Gavalda. I 2008 kom "Saman er ein



Foto: Ingvild Grane

mindre aleine", og i vår "Lykka er ein sjeldan fugl". Blant andre forfattarar ho har omsett eller gjendikta, er Albert Camus, Astrid Lindgren og Federico García Lorca. Totalt har Bakke omsett og gjendikta frå heile sju språk: fransk, spansk, katalansk, portugisisk, svensk og bokmål. – Portugisisk er nok det språket som står meg nærmast, seier Bakke i ei pressemelding.

Med dette satsar Dei nynorske festspela noko utradisjonelt.

– Språkmøte mellom mange kulturar kjem til å prege festspelprogrammet. Med Tove Bakke som festspeldiktar får vi sjansen til å gi denne årlege feiringa av nynorsk skriftkultur ein endå tydelegare sjølvstendig

profil, seier programansvarleg Åshild Widerøe i pressemeldinga.

Tove Bakke har omsett i alt 45 bøker og 9 skodespel. Debutarbeidet hennar var "Døden i Vesten" av den franske historikaren Philippe Ariès, utgitt på norsk i 1977. Til no har ho omsett 15 faktabøker og 12 skjønnlitterære bøker for barn og unge, 10 diktsamlingar, 6 romanar og 2 sakprosbøker for vaksne og 9 skodespel.

BASTIANPRISEN I 2003

Tove Bakke er fødd i 1954, voks opp i Sande i Sunnfjord, tok examen artium ved Gudbrandsdal gymnas på Vinstra og er cand.mag. frå Universitetet i Oslo med faga fransk, spansk og litteraturvitskap. Ho var litteraturkritikar i mange år, og redigerte Kritikjournalen 1984–87. Sidan 1989 har ho vore tilsett i litteraturreksjonen i Norsk kulturråd. Der har ho no eitt års permisjon for å bruke all si tid på omsetjing. Tove Bakke fekk i 2003 Bastianprisen for omsetjinga av "Hund! Hund!" av Daniel Pennac, og i 2008 fekk ho Samlagsprisen.

Festspelkruset av året har to linjer frå eit kubansk dikt, gjendikta av Tove Bakke. Og festspel-t-skjorta er dekorert med eit sitat frå "Saman er ein mindre aleine" av Anna Gavalda.

B -BLAD

Returadresse:

Vatlandsvåg - 4235 Hebnes



kvitt

Eit lam står i ro
på dei grøne markene
Skodda kjem sigande
viskar det ut

Henta frå Hilde Myklebust si diktsamling Søkk

MålROCK med kjente namn

MålROCK er festivalen der ein ynskjer å profilere pop og rock på dialekt, nynorsk, bokmål eller andre nordiske språk. Festivalen som i år vert arrangert 7. og 8. august på Årdalstangen i Sogn og Fjordane kan skilte med artistar som Turboneger, Postgirobygget, Vamp, Helene Bøksle, Kaizers Orchestra og Bjørn Eidsvåg. På festivalen sine nettsider kan ein blant anna lese dette om ein av dei store attraksjonane: Kaizers Orchestra er ingen nykomar i MålROCK-samanheng, men deira sentrale posisjon når det gjeld rock på norsk og dialekt gjer at dei enno er eit aktuelt namn å sette på plakaten.

BRUK LNK KORTET

Alle tilsette i kommunar og organisasjonar som er med i LNK, kan med dette kortet få fordelar frå

Best Western
HOTELL HORDAHEIMEN



Hotell Bondeheimen

bokdykk.no

Meir informasjon finn du på **LNK.no**